

Heid Antzée Fagerheim

PERLEBORN I SAMFUNNSMUSLINGEN

Kvalitativ studie rundt fem barns forteljingar om overgangen frå biologisk familie til
fosterfamilie

Innlevert som hovudoppgåve ved Psykologisk institutt, Universitetet i Oslo

Vårtermin 2013

SAMANDRAG:

Oppgåveforfattar: Heid Antzée Fagerheim. **Tittel:** ”Perleborn i samfunnsmuslingen.

Kvalitativ studie rundt fem borns forteljingar om overgangen frå biologisk familie til fosterfamilie.” **Vegleiar:** Dr. psychol. Oddbjørg Skjær Ulvik.

Kunnskapsformål: Oppgåva gjennomgår og reflekterer over ulike, kompliserte samspel og samverknader innan barnevernet, rundt deltakarane (borna, biologiske foreldre, fosterforeldre og barnevernets medarbeidarar) og sjølve barnevernssystemets utøvingar av delegert samfunnsmakt. Årsakssamanhengar til at born kjem under barnevernets utreiingar og omsorg vert skisserte. Med denne gjennomgangen som bakgrunn presenterer og drøftar oppgåva kva fem born under barnevernets omsorg fann å ville dele med studentforskar vedrørande sine møte med barnevernet, i overgangen mellom biologisk heim og fosterheim. Borna vart intervjuja både om personlege røynsler og kva dei kunne seie om barnevernets formål og funksjon på overordna nivå, som system. Gjennomgåande vektlegg og lysset oppgåva ivaretaking av etiske omsyn andsynes både born, føresette og barnevernsmedarbeidarane. Oppgåva reflekterer også over studentforskars faglege arbeidsmåtar og dilemma ho møtte.

Metode/forskningsdesign: Oppgåva er kvalitativ røtt, for å studere borns opplevingar og meiningskonstruksjonar rundt sitt barnevern. Overordna perspektiv er kulturpsykologiske, med narrativ innfallspor. Ein nytta eitt intervju, basert på ein semistrukturert intervjuguide. Bornas plasseringar blir analyserte opp mot kva samfunnsbakgrunnen barneliva utspelar seg mot, inklusive grunntermene ”barnets beste” og ”gode nok” omsorgs- og oppvekstvilkår.

Utval: Fem born mellom åtte og ti år. I tillegg gjennomførte studenten rammesamtalar med ni fosterforeldre. Føremålet med det var å søkje å ivareta ungane best mogleg under intervjuet, ved å samtale med fosterforeldra om område studenten eventuelt burde unngå eller handsame varsamt. Ein vektla innforstått samtykke frå fosterforeldra, både som del av etisk haldbart informasjonsinnsats andsynes dei, og der igjennom også prøve å sikre borna god nok ivaretaking før, under og etter studien. **Kunnskapsnytte:** Studenten fekk mykje utvida kunnskap både om barnevernsfeltet, funksjon og nytte av kvalitative forskningsteori og – arbeidsmetodar i praksis. Intervjua baud på stort kunnskapstilfang i korleis ungar sjølv kan finne mening i krevjande livshendingar. Studien baud på mangefasettert øvingar i og refleksjonar rundt etikk.

Sjølvtendig oppgåvearbeid: Studien er gjennomført og skriven av studentforfattar åleine, ikkje i samarbeid med andre forskarar eller som del av noko forskings- eller studieprogram.

INNHALD

Samandrag

Forord	s. 5
Innleiing	s. 8
Om muslingar og perler	s. 10
Særlege etiske forpliktingar	s. 10
Sjølve praksisstudiens konkrete bakgrunn	s. 11
Ved veggjende	s. 11
Kapittel 1. Om born og informasjonssinnhenting	s. 13
Kva kan born ha å formidle? Korleis vekte det dei seier?	s. 13
Kva gjer vi med det ungene seier?	s. 14
Kapittel 2. Barnevernet, menneska der og utfordringar	s. 16
Barnevernet i Noreg, kort historisk skisse	s. 16
Om nokre av barnevernets til dels motstridande, dels samhandlande grupperingar:	
Kven og kva handlar det om?	s. 17
Om dei biologiske foreldra	s. 17
Foreldrekjærleikens posisjon i barnevernet	s. 19
Korleis er oppfylginga av fosterforeldra?	s. 20
Om ulike spagatar	s. 21
Kven ivaretek barnevernstilsette og på kva måtar?	s. 21
Borna det gjeld	s. 22

Årsaker til at born kjem under barnevernets omsorg	s. 23
”Barnets beste.”	s. 24
Om barnevernets maktsituasjon	s. 26
Og korleis går det med fosterborn?	s. 27
Kapittel 3. Kunnskapsinteresser, studiedesign og metodar	s. 29
Kunnskapsinteresser og område for utforsking	s. 29
Overordna kunnskapsinteresse	s. 30
Kvalitativ innfallsport: Kulturpsykologisk overbygg, og grader av kulturell kompetanse	s. 31
Når forskaren er ein urøynd student	s. 31
Etiske omsyn i barneforskning	s. 32
Metodar for praktikken	s. 32
Innhenting og handtering av formelle løyve	s. 32
Prosedyrane rundt å finne barneinformantar	s. 33
Barneutvalet	s. 34
Rammesamtalane	s. 35
Kapittel 4. Barnekulturell kunnskap og kompetanse.	
Kvar ungane var, og kva dei formidla	s. 36
Nivå I. Rekonstruksjonar med ungane: Korleis var det å flytte frå sine biologiske foreldre?	s. 36
Nivå II. Utdjupingar med ungane. Om å søkje meining i opplevingar	s. 37
Om teieplikta, fordeler og ulemper	s. 37
Sosial barnekompetanse i eit komplisert landskap	s. 38

”Sånne som spør meg åssen eg har det?”	s. 39
Oppsummering. Ungane og deira barnevernskontakt	s. 40
Celine: Ei forteljing om korleis feilslegen kommunikasjon kan ha forkludra intervjuet	s. 41
Nivå III. Vidare samanhengar. Kva overordna meiningar hadde borna om barnevern?	s. 42
Nokre røynsler frå Rammesamtalane	s. 43
Kapittel 5. Konklusjon	s. 45
Litteratur	s. 46

VEDLEGG

FORORD

Med denne hovudoppgåva ynskte eg å sjå nærare på kva ungar mellom åtte og ti år kunne ha av røynsler med og oppfatningar om sitt barnevern. Ungane var ekspertar på sitt: Dei hadde vore under barnevernets omsorg lenge nok til å ha festa røter i kvar sine fosterheimar.

Utgangspunktet mitt var å finne ut meir om barnevernet, også i praksis. Og skal ein godt nok forstå og handle i forskarmøte med fosterborn, trengs reflektert gjennomgang av kunnskap om og perspektiv på dei fleirfaldige aspekta ved barnevernet.

Hovudoppgåva på embetsstudiet i psykologi er og skal venteleg vere ei krevjande øving. Ikkje berre skal den syne noko om korleis studenten har forstått vitenskaplege arbeidsmetodar og krav, den skal også vise god nok samanveving av dette med eins teoretiske kunnskap og som her, eins eigengjennomførte praksisforskning.

Det er ei omfattande tinging. Samtidig skal eige liv handterast, anten dette no går på skinner eller ei under hovudoppgåvearbeidet.

For mitt vedkommande kom eg til å velje ei oppgåve der iallfall deler av både underliggjande forskingsparadigme, forskingsmetodar der og sjølve praksisfeltet var nokså ukjent landskap for meg. Samtidig gjennomgjekk familien min og eg sjølv lange periodar med både alvorleg, dels livstruande sjukdom og nokre ståande livsutfordringar over tid. Dette medførte at arbeidet med hovudoppgåva nok blei særleg stressande, og også blei strekt ut over så altfor lang tidsperiode. Begge deler har medført ulemper og ekstraarbeid for fleire andre, noko eg seier meg svært lei for.

Hovudoppgåvestudien min kom til å omfatte fem born under barnevernets omsorg. Eg var og er svært glad og takksam for at eg fekk møte dei ungene, og tilsvarande lei meg for at det tok så lang tid før det kom noko synleg ut frå desse fine og for meg viktige møta. Det same med fosterforeldra. Hjarteleg takk til dei fem ungene og dei ni fosterforeldra eg møtte! Dei har vore og er stadig i tankane mine, og eg vonar det går dei alle vel. Dei delte så mykje kunnskap med meg, og forteljningane deira gjorde sterkt inntrykk.

I utgangspunktet ynskte eg å ha ti born med i studien. Det blei til slutt berre fem, eit nokså lite utval. For at denne studien skal bli meningsfylt nok, tett nok på direkte eigenopplevingar, vil den derfor måtte by på somme lettare individuelt gjenkjennelege forteljingsbitar. Sidan det

etisk er vesentleg å verne absolutt om identitetane til studiedeltakarane, og lite tal deltakarar gjer ein slik studie meir gjennomskinleg, vil eg derfor verken publisere kva norsk barnevernsskontor som så velviljug hjelpte meg i oppstartsfasen, eller namn på tilsette der. Eg har takka dei personleg for all hjelpa i si tid. Her skriv eg inn takksemda mi for bidraga og tida med å gje gode innblikk i og informasjon om arbeidsfeltet deira, og for arbeidet med å formidle den innleiande kontakten med fosterforeldre.

Likeeins også her ekstra takk til distriktets barnevernssjef, for all den praktiske og entusiastiske støtta under oppstartsfasen. På same vis til psykologvegleriaren min der.

Igjen mange takk til dei ulike medarbeidarane ved Psykologisk institutt som gjennom vanskelege år gav praktisk støtte og hjelp undervegs, forskingskonsulent Bente Jansen, og senior-konsulentane Anita Kjølrsrud, Unni Mjelde Birkeland og ikkje minst Jannike Hegdal Nilssen. Eg er svært takksam.

Ei særskild, varm takk til min fagleg dyktige vegleiar dr. philos. Oddbjørg Skjær Ulvik, for all stødig vegleining, og mildt tolmogig kunnskapsformidling og oppfylgning! Ho opna også dører inn til sosialkonstruktivistiske, kulturpsykologiske paradigmeverder eg visste og kunne lite om, likeeins til den uventa rikdommen kvalitative forskingsmetodar kan by på. Eg står i takksam og interessert gjeld.

Hovudoppgåva er i seg sjølv så krevjande at all støtte av ulikt slag frå omgjevnadene blir sårt tiltrengt ~ og sett pris på. Ei stor takk til Åse Vatshelle, venn og psykiater, og til vennene og studentkollegaene, no ferdigutdanna psykologane Alice Alexandersen, Bente Fjeldstad og Inger Elisabet Bjørshol Karlsen, og til venn og ”svigerkusine”, aktivitør (med spesialutdanning innanfor psykiatri) Ellen Kværna for alle gode fagdiskusjonar gjennom år og for all heing!

Takk frå hjartet til storfamilien for all moralsk og praktisk støtte og omsorg: Posthumt til far min Magne Fagerheim og svigerfar Hans Jacob Teigen; til mor mi Ingrid Fagerheim, svigermor Berit Synøve Teigen, og syster Trud Fagerheim. Det heile hadde ikkje gått rundt utan dykk.

Likeeins varm takk til ungane mine Tord Jacob Teigen Fagerheim, Kyrre Svein Fagerheim Teigen og Eirunn Rose Teigen Fagerheim for alt de har gjeve av sterke gleder, rikt innhald og meining(ar), praktisk hjelp, utfordringar og lojalitet! Det inspirerte til og under oppgåva.

Eg tileignar Trond Jacob Teigen denne hovudoppgåva. Han var og er ein kjærleg, stødig, hjartegod og ikkje minst morosam ektemann og far. Ei spesiell takk for alle dei gjevande, nyttige fagdiskusjonane om pasientens prinsipielt beste gjennom åra!

Semper fidelis.

INNLEIING.

Barnevern er eit samfunnsområde som rommar eit vell av ulike lag, i breidda og i djupna. Både samfunnets og einskildindividets søkelys blir ofte retta mot barnevernet, som den arenaen for mange ulike diskusjonar og eksempelvis lover og -endringar, ei mengd tiltak, økonomiske sider og ikkje minst menneskeleg drama som den er. Området utløyser både sterke kjensler og ulike prinsipielle diskusjonar og diskursar om eksempelvis kva formål, tiltak og avgrensingar eit barnevern bør ha og har, legalt, metateoretisk, fagetisk og i praksis. Vurderingane, synspunkta og ståstadene er engasjerte, engasjerande, utfordrande og dels motstridande. Lovreguleringar er både på plass og samtidig under stadig utfordring både frå fleire faggrupper, ute i ålmenta og blant ulike grupper direkte vedrørte menneske.

Barnevernet har mykje formell og utøvd makt over mange menneskelagnader. Det gjer det samfunnsmessig viktig å ha kunnskap om og omgrep for kva denne makttildelingane inneber og medfører, også på individnivå.

Likeeins har barnevernet med forvaltning av og inngrep i individ- og familiekjærleik. Dermed er barnevernet premissgjevande og praksispåverkannde innan ein både vesentleg og dels uoversiktleg del av samfunn og diskursane der ~ og knytt til sterkt meiningsberande deler av privat livslukke. Barnevernet er vesentleg for dei menneska som finnest innanfor der, men også for dei legale og praktiske levevilkåra samfunnet vårt byr oss alle. Kvaliteten på barnevernet har innverknad på samfunnets tilstand, konkret og indirekte, og er også eitt av måla på kor godt eit samfunn vi har.

Samfunnet vårt kan liknast med ein musling, ganske særleg når det gjeld barnevern: Det skal både ha hardt nok skjell til å stå mot ulike påkjenningar, og mjukt nok og nærande nok indre liv til at innbyggjarane har det godt. Fordi samfunnet vårt legg vekt på kjærleik som del av både familieliv og også borns liv, og fordi samfunnet på ulike måtar og av ulike grunnar prøver å skape gode oppveksttilhøve for born og å verne utsette born spesielt, er det grunn til å finne ut så mykje som mogleg om korleis den velmeinande samfunnsmuslingen greier seg i praksis her. Er skjelet ope nok for innsyn i tillegg til vernet det gjev?

Om muslingar og perler.

Etter kvart som eg møtte fosterborna og fosterforeldra deira steig det opp eit bilete i meg av desse borna som små perler under utvikling. Ungane var omslutta av så mykje om- og ettertanke, varme og kjærleik. Dei kunne nok ha starta som små uroande sandkorn i samfunnsmuslingens indre, men der etter la barnevern og fosterforeldre lag etter lag vernande, skimrande vakkert perlemor rundt dei. I starten såg eg særleg fosterforeldra som muslingar, etter kvart utvida den metaforen seg til å omfatte sjølve samfunnets muslingsfunksjon.

Like fullt antyder denne metaforen samtidig fleire problematiske sider ved barnevernsinstitusjonen. Muslingen kan misse kontakten med sjølve sandkornet i perlekjernen. Kva er eit sandkorn, kva er ei perle? Eigenskapar, verkemåtar, verdisetjing er alle stikkord her, lada med viktig utforskingspotensiale.

Ein musling kan også stengje for innsyn. Kva går føre seg der inne? Og ser den velmeinande samfunnsmuslingen sjølve sandkornet godt nok? Høyrer vi nok på kva borna sjølv melder? Har samfunnet rom nok, tolsemnd nok for også problematiske måtar å framtre på, om dei bryt med rådande diskursar for korleis folk "bør" leve?

I sentrum av barnevernsfeltet står borna som samfunnet prøver å passe på. Korleis utøver samfunnet den oppgåva? Spørsmålet kan og må svarast på frå mange sider. Denne oppgåva handlar om innspel frå ungar sjølv, men også mykje om barnevernet som utgangspunkt og eksistensfelt.

Særlege etiske forpliktingar.

Borna under barnevernets omsorg både utløyser og skal utløyse uro, fordi dei prinsipielt sett har vore utsette for og ber preg av manglande omsorg, det vil seie vanstell og/eller mishandling. Dette sagt med det atterhald at det ikkje alltid er ein enkel, utvitydig prosess å finne ut og sikkert avgjere om born er utsette for manglande omsorg (Grinde, 1997; Koch & Koch, 1995), og om fagvurderingar av til dømes foreldresituasjon er knytte tydeleg nok saman med at born konkret har teke skade/syner godt nok prova teikn på at borna vil ta skade av å forbli i biologiske foreldres heim (Hærem og Aadnesen, 2008).

Sjølv om det ligg utanfor denne oppgåvas direkte kunnskapsformål å skildre og drøfte årsakssamanhengar som grunngevev korfor nett borna i studien min blei sette i fosterheim, la

og legg eg prinsipielt til grunn at ungane trong dagleg omsorg hos fosterforeldre fordi det blei vurdert at opphavlege heimetilhøve ikkje var til barnets beste. Det var mitt utgangspunkt når eg reflekterte rundt og planla måtar å møte desse ungane, med særleg forsett om ikkje å skade dei noko ekstra. Eg forventa at ungane kunne vere særleg sårbare fordi dei hadde gjennomgått både opplevingar ungar bør sleppe, og overgang mellom minst to heimar.

At borna under barnevernets omsorg kan vere særleg sårbare og derfor bør ha krav på særleg sensitive tilnærmingar, er eitt av punkta eg meiner ein skal ha i mente når ein forhold seg til dei borna, eller les om/diskuterer dei. Slik uro og aktsemd for dei kan bidra til at ein heile tida har området krevjande kompleksitet for auget. Det er ei etisk forplikting. Og det er naudsynt for å tolke og forstå det som hender der.

Og då lyt ein etisk sett også nødvendigvis skaffe seg mykje og variert kunnskap om barnevern, og reflektere jamleg over den.

Sjølve praksisstudiens konkrete bakgrunn.

I si tid hadde eg ein forpraksis på eit norsk barnevernskontor. Denne forpraksisen fann eg så spennande at eg ynskte å finne ut meir om eit samfunns- og fagområde eg visste lite om. Eg søkte derfor Psykologisk institutt om å få ha hovudpraksisen innan dette barnevernskontoret. Slik hovudpraksisplass måtte søkjast spesielt om. Den aktuelle praksisvegleiaren i det ynska barnevernsdistriktet sette på si side som plassvilkår at eg då også måtte skrive hovudoppgåva om barnevern. Dette godtok eg fylgjeleg. Vona var at hovudoppgåvaarbeidet både skulle gje meg endå større innsikt i barnevernsfeltet, og kanskje bidra med ein skjerv nytte for barnevernet også.

Ved vegs ende.

Kanskje heilt som i tråd med forskar som ”reisande” (Kvale, 1997), endra vegen OG forskarambisjonar seg noko undervegs som eg vandra gjennom landskapet. Der var langt fleire toppar og dalsøkk enn mitt grovt skisserte kart viste på førehand. For det fyrste oppdaga og forstod eg langt meir om barnevernets kompleksitet, og at sjølv om ungane kanskje delte deler av fyrste kartoppfatninga mi, influerte likevel desse kompleksitetane sterkt på levekåra

deira. Det medverka til valet om å bruke større plass til gjennomgang og drøfting av barnevernets utfordringar enn planlagt og venta.

Hovudperspektivet i den gjennomgangen blei lagt på aktørgruppene, samt noko om grunnar til barnevernets inngrep. Lovverket og tolkingar og praksis ut frå det er grunnmur i barnevernet. Likevel inngår ikkje nokon systematisk gjennomgang og drøfting av lovverk, forskrifter og retningslinjer i denne oppgåva. Den avgrensinga er fordi eg arbeidde med små borns perspektiv. Barneinformantgruppa her vil ha møtt og forhalde seg til ulike menneske i og utanfor barnevernssystemet, men ikkje til sjølv det underliggjande hovudpremisset som lovverket utgjer. Grunnar til barnevernets inngrep er skisserte, fordi dette er tilhøve ungane er forventa å ha eigenopplevingar med.

For det andre blei barneutvalet mindre enn opphavleg plan, som fyrst var på ca ti born, der etter sju. I tillegg hadde eg nok overvurdert kor mykje så små ungar kan forventast å fortelje i eitt einaste møte med ein ukjent og uøvd studentforskar. Rådatamengda blei mindre enn eg hadde drøymt om.

Slik har det seg at ein større del av oppgåva enn planlagt i utgangspunktet handlar om barnevernet i seg sjølv, i høve til den konkrete studien av møta med dei fem ungane. Og sidan råmaterialet er frå berre fem born og eg kjenner eit særleg ansvar med å ivareta den vernande teieplikta eg lova dei, kan oppgåva kanskje ikkje frigjevast til lesnad for barnevernet/ålmenta elles heller, trass grundig arbeid for å anonymisere. Bitane av liv kan synast for individuelt gjennomskinlege, og eg lova ungane eit særleg identitetsvern. Den lovnaden er overordna mitt ynske om publisering av oppgåva, og den endelege avgjerda her er ikkje ferdigmogna per august 2013. Eg må søkje meir vegleiing og reflektere meir over det ferdige produktet før eg tek den endelege avgjerda her. Oppgåva skal derfor som utgangspunkt klausulerast.

Dermed gjenstår vona om at oppgåva skulle gje meg meir kunnskap om barnevernet, og om korleis born under barnevernets omsorg kan forstå somme av sine viktige livshendingar. Likeeins at eg skulle lære korleis samtale fagleg godt nok med små born om sensitive tema, og auke min kunnskap og mitt medvit om etikk i praktisk forskning. Det har den i høg grad gjort.

Eg vonar reisa mi kan gje noko undervegs til dei som får lese oppgåva også.

Kapittel 1. OM BORN OG INFORMASJONSINNHEITING

Kva kan born ha å formidle? Korleis vekte det dei seier?

Kor tydeleg trer eigentleg ungane sjølve fram med sine egne opplevingar i vårt samfunn, og kor stor vekt finn samfunnet å ville og burde tillegge deira synspunkt? Gjeld same vektlegging innan barnevernets omsorg? På kva måtar skal vi som samfunn og samfunnets ansvarsdelegerte lytte etter barnerøystene innan barnevernet?

Ynskjer ein å forske på barnevern, er området vidt og innslagspunkta mange og kvar seg krevjande. Barnerøystene sjølve har vore etterlyste gjennom fleire år (Hærem og Nes Aadnesen, 2008; Hjermann, 2006; Backe-Hansen og Havik, 1997). Backe-Hansen har i fylgje Hærem og Nes Aadnesen (2008) føreslege at kvar barnevernsjournal også skal innehalde ein særskilt, eigen barnejournal der barnets eigen forteljing står (ibid., s. 106). Det er mogleg dette forslaget fyrst blir implementert dersom Lov om barnevern formelt vert ei lov som spesifikt og juridisk gjev ungar egne stadfesta rettar (sjå NOU 2012: 5 om lovfesting av barnevernborns *eigenrettar* [på bokmål "en *rettighetslov*", eg har ikkje funne det eit nynorsk ord som betre framsyner meiningsnyansen mellom "rett" og bokmålets "rettighet" slik]).

Vidare blir det spørsmålet om korleis barneforteljingar skal definerast og vektast. Ulvik (1997) påpeikar at barneforteljingane har eigenverdi i seg sjølv, fordi dei gjev kunnskap som utfyller vaksnes forteljingar og rapportar. Forteljingane treng ikkje sjåast på som korrektiv eller alternative, konkurrerande sanningar. Dei kan sjåast som komplementerende forteljingar.

Det er dessutan spennande i seg sjølv å utforske ungars måte å forstå seg sjølv og det som hender dei. Det er viktig i seg sjølv, både psykologfagleg og etisk, å få born i tale. Det inngår i god nok omsorg å skaffe seg kunnskap på ulik vis om korleis ungar sjølv opplever at dei har det. Det går også lange linjer mellom dette, og korleis ungar blir møtt, fram til både gode liv og ulike former for fysiske og psykiske seinskader og død (Waade, Hagen og Fosse, 2013; Emery og Laumann-Billings, 2002). Også slik blir det vesentleg å finne ut om korleis ungar opplever livet og livshendingane sine.

Ungane er både samfunnets innbuarar i seg sjølve, og framtidens vaksne borgarar. Dei bør ha, og skal ha rettar i høve begge posisjonar.

Juridisk sett har born mellom 7 og 15 år ein del rettar, som partsrettar til å uttale seg om eige syn når det er snakk om omsorgsovertaking. Samtidig finnest der ein Høgsterettsdom der det blir fastslege at synspunkt frå barnevernets born skal ha mindre innverknad enn det born har rett på under Barnelova (Lindboe, 2011 s. 97).

Innskrenkar ein somme borgarars rettar, må det vere særskilt grunngjeve og godt forankra i kunnskap som tilseier at det er naudsynt. Også slik treng ein innspela frå ungar sjølve. Elles manglar samfunnsmuslingen noko viktig for å halde seg sunn og levande nok.

Kva gjer vi med det ungane seier?

Samfunnssyna på og diskursane rundt kva eit barn er og kva status og innverknad samfunn og samfunnseiningar skal gje born, har vide spenn og mange utformingar hatt gjennom både historiske epokelaup og ulike over- og underordna samfunn. Både kunnskap om og moralske føringar på kva ungar er og korleis dei bør leve og handterast har funnist og finnest i eit utal variantar, før og no (sjå eksempelvis Badinter, 1980).

I denne oppgåva legg eg til grunn barnepsykologisk forskning som tyder på og argumenterer for at barnehjerner er i utvikling, for så vidt truleg til langt inn i tjueåra før ein kan stille fulle ansvarskrav til ein vaksen grad av mogning. (Kastar vi eit muntert skråblikk til Tolkien [1954/1975], fastslo han at hobbitar ikkje blir myndige før dei er 33, og han kallar åra mellom 20 og 33 for "*the tweens*": "the irresponsible twenties between childhood and coming of age" [ibid., s.30]).

Det fylgjer av synet på born som umogne og under utvikling, både forpliktingar om særlege omsyn, vern og ivaretaking under vekstperioden, og den konsekvens at ein må både setje grenser rundt ungar og somme tider direkte gå mot ungars uttrykte ynske, vilje og synspunkt. Det forpliktar vaksne på mange måtar. Ein treng både å forstå utvikling versus mogning og eventuelt alderstrinn, og å ha gjennomreflekterte syn på kva ein gjer med ungars synspunkt.

Det går an både å handle direkte ut frå kva born seier dei ynskjer seg, men også å anerkjenne og snakke om ynska og samtidig stå for at dei ikkje kan bli røynd.

Igjen blir det ein føresetnad at ein faktisk høyrer ungane og aktivt etterøkje kva dei har av opplevingar og ståstader. Slik ynskte eg både å lyssetje sider ved barnevernet generelt og å

høyre med ungar sjølv om kva dei kan oppleve i og eventuelt meine om barnevern, ut frå sine egne opplevingar og forståingar, konkret og som generelt tiltak.

Kapittel 2. BARNEVERNET, MENNESKA DER OG UTFORDRINGAR.

Barnevernet kan studerast og framstillast frå mange perspektiv og synsvinklar. I denne hovudoppgåva tek eg med og vektlegg dei ulike sidene ut frå kva eg finn naudsynt og fruktbart for å betre forstå det ungane sa. Også for å synleggjere noko av studentforskars forståingar av feltet. Om forskarposisjonen skal framsynast direkte som i 1.posisjon eller meir indirekte som i presentasjon av forståings- og tolkingsposisjonar, kan diskuterast. For min del går eg ut frå at særleg når forskar brukar ”reisande”-posisjonen, blir det både nyttig og viktig å presentere til ein viss grad eigen ståstad også som individ. Slik sett er også utvidinga av den generelle barnevernsdelen i oppgåva nyttig.

Barnevernet i Noreg, kort historisk skisse.

Barnevernet i Noreg har røter heilt tilbake til 1896, då Noreg vedtok Vergerådslova og dermed vart første landet i verda som innførte ei formell lov om barnevern (Bunkholdt og Sandbæk, 2008). Det kan diskuterast om denne fyrste lova hovudsakleg hadde barnets eige perspektiv for auget, men Noreg låg likevel langt framme i verdssamanheng når det gjaldt legalt blick på born med vern som tanke.

Seinare er barnevernslover vedtekne to gonger, i 1953 og 1992 (sist Lov om barneverntenester av 17. juli 1992). I tillegg kjem ulike vedtekne lovendingar og –tillegg, og ein del spesifiserande forskrifter, samt domsavgjerdslar som i Høgsteretten.

I motsetnad til Vergerådslova knesette barnevernslova av 1953 at born berre kan setjast i fosterheim i naudstilfelle, og dette er framleis gjeldande i lova av 1992 (Lindboe, 2011).

Lov om barneverntenester utgjer den lovformelege ramma rundt, og grunnlaget for, samfunnets makttildeleging til barnevernet, med plikter og avgrensingar. Samstundes tildeler den born under 18 år (somme gonger utvida til 23 år) rettar til vern og god nok omsorg under oppveksten. *Barnelova* leverer likeeins generelle rammer, som ikkje nødvendigvis overstyrer Barnevernslova. Det siste er både interessant og problematisk, og viktig å merke seg og finne ut av når dei står mot kvarandre ~ kanskje også å vurdere endringsforslag for.

Både den historiske utviklinga og sjølve barnevernslovene er viktig å vite om og å setje seg inn i, også for å forstå røter til dagens diskursar både i samfunn og i barnevernet. Men grundig framstilling og utforsking av den delen ligg utanfor denne oppgåvas utvalde kunnskapsinteresse, og blir derfor ikkje særskilt gjennomgått som heilskap.

Om nokre av barnevernets til dels motstridande, dels samhandlande grupperingar.

Kven og kva handlar det om?

Barnevernet rommar mange ulike persongrupper, i ulike makt- og rettsposisjonar, og på ulike sider av ”forhandlingsborda”, om ein vil. Deltakarane kan vere både personleg og privat involverte, som biologiske foreldre og anna familie, fosterforeldre med familie, som personleg profesjonelt involverte som barnevernstilsette, tilsynsførarar, sakkunnige, politi og juristar og også forskarar; eller involverte på avstand og meir teoretisk, som lovgjevarar og i undervisningsinstitusjonar; eller frå ulike mellomposisjonar som venner, naboar og journalistar; eller som allmenn samfunnsdeltakar.

Innvandrarar frå alle verdshjørne tek i tillegg med seg både bitar av sine kulturar, ulike religiøse forankringar og praksis og somme gonger grader av uhandterte krigs- og andre traume.

Kvar einskild har sine individuelle ståstader innan gruppene, samtidig som samfunn og undergrupper stadig legg sine føringar på meiningar, opplevingar og konklusjonar, munnleg som via media og litteratur.

Dette medfører og inneber at avvegingar av korleis born og kvart individuelle barn skal ha det og har det, og korleis forhandle om og vekte kor born og kvart barn har det best, er eit område med fleirtydige innspel og grobotn for maktkampar også. Agendaene er ikkje nødvendigvis opne, ei heller ferdig vektfordelt. Kven eig kva, og kven har definisjonsmakta?

Kven eig tyngste ”sanninga” om born og om barnet?

Om dei biologiske foreldra.

Barnevernsområdet involverer kompliserte, dels samverkande årsaks- og følgjetilhøve som psykiatri, fattigdom, rus, overgrep, vanstell og mishandling. Dermed utfordrar området oss

også på fleire fordommar, og på eit vidt spekter kjensler, som fordømming, medkjensle, redsle og angst, avsky, sorg, voner, og smertefylte røymsler som til dømes tapsopplevingar. Å vere skulda for ikkje å ta godt nok vare på ungene sine, kanskje direkte mishandle dei, er ei sterkt stigmatiserande skulding. Samtidig finnest tabu mot at nokon bør skilje foreldre og born, slik at barnevernsarbeidarar (og dømmende rettsdeltakarar) også vil måtte stå i ulike former for åtak og fordømming, inklusive mykje sterk aggresjon.

På ulike måtar reiser det seg spørsmål om korleis best mogleg møte, ivareta og også tidvis grensesette menneske i naud og somme tider fornedring, og korleis møte ulike aktørar i spennet mellom individets ukrenkjelege rettar og krav på vern ~ med aktørane verte ivareteke. Borns presumptivt beste skal etter lova vektast tyngre enn vaksnes, men kven ivaretek så dei vaksne som er vegne til å vere for lette? Det er eitt av samfunnets meir konfliktfylte og konfliktutløysande område.

Eg møtte ingen av dei biologiske foreldra. Deira direkte forteljingar og ståstader blir derfor ikkje så mykje drøfta i denne oppgåva. Like fullt må dei gjevast ein viss plass her. Dels fordi barnevern grunnleggjande handlar så mykje om kva som er godt nok foreldreskap, og dermed smertefullt om einskildforeldre; dels her fordi ungene sjølv bar foreldra sine med seg og vov dei inn i samtalanane med meg.

Og dels fordi dei biologiske foreldra også alltid bør lyssetjast når ein omtalar barnevern, av mange grunnar. Ein av grunnane har med å gjere at eit godt nok samfunn også skal ivareta borgarar som fell utanfor, søke etter årsakene til dette og prøve å bidra til menneskeverde for alle.

Barnevernet hadde då barnesamtalane mine gjekk føre seg (i 1999), ikkje noko formelt ansvar for korleis vaksne foreldre hadde det i eigne liv. Dei hadde som no ein del av uformelt praksisansvar for dei, både under undersøkingstid og når barnevernet går inn i familiar med ulike støttetiltak, når det kjem til å ta over omsorga, og når barnevernet har ansvar for møte mellom biologiske foreldre og borna i fosterheimar og barnevernsinstitusjonar. (Eg nemner berre at gravide kjem i ein slags mellomposisjon om det blir tale om tvangstiltak).

Dette er no formelt endra ved Ot. Prp. Nr. 64, 2004 – 2005, der barnevernet blir pålagt større ansvar for korleis dei biologiske foreldra har det (Angel, 2007). Ein måte å gjere dette på, og som biologiske foreldre sjølv har sett positivt og verdeskapande på, er å skipe til kurs for foreldre med barn i fosterheim (Angel, 2007).

Foreldrekjærleikens posisjon i barnevernet.

Barnevernet utøver makta i kjærleikens farvatn. Sidan kjærleik inngår som sterke og samtidig tidvis kompliserte deler av familiestrukturane, og desse igjen inngår som viktige fundamentsdeler i samfunnet vårt, finn eg det fruktbart og naudsynt å ordsetje og drøfte også nokre få sider ved *kjærleikens* plass innan barnevernet. Korleis handterer barnevernet all kjærleiken og ulike følgjer av denne? Enno fortrinnsvis indirekte?

Foreldrekjærleik er eit omgrep som forskarar kan hende nøler med å studere som direkte fenomen. I staden har ein rik tradisjon for å studere det Bowlby kalla "attachment", *tilknytning*. Eksempelvis Smith og Ulvund (2006) drøftar grundig kor viktig det er med omsorgspersonars tilknytning til born – for borna.

Eg vel ikkje å drøfte tilhøve mellom tilknytning, som kan sjåast på som reaksjonsmønster, og dermed mogleg å måle, og den i utgangspunktet indrefenomenologiske foreldrekjærleiken. Kjærleik kan nok målast av forskarar, om ein brukar ulike former for hjerneskanning. Men skal ein måle og dermed vekte kvalitetar ved ulike rapporterte grader av kjærleik, står ein andsynes måleutfordringar både i metodeval og ikkje minst etisk om ein tenkte seg det brukt i praksisfelt. Eg er ikkje ute etter å tilrå måling og vurdering av grader av foreldrekjærleik innan barnevernet.

Like fullt bør foreldrekjærleik eksplisitt vere nemnt når ein diskuterer barnevern. Intuitivt forstår ein at foreldrekjærleik og opplevingssider ved den inngår som element i tilknytning, og at det byr på mange slags utfordringar etisk, og om ein ville operasjonalisere fenomenet. Men den vekslende graden av og vilkåra for opplevd kjærleik finnest som del av barnevernets vev, vere fargane og trådtjukna ulike og ikkje alltid lett tilgjengelege for auget.

Kjærleikstilhøva hos både biologiske foreldre og born inngår i det ungene forhold seg til og kanskje strevar med. Skal samfunnet ivareta både born og vaksne godt nok, er fenomenet foreldrekjærleik, og borns kjærleik til vaksne, eit område ein treng å reflektere over og prøve seg fram med å samtale om. Det handlar om viktige verdiar i seg sjølv, i vår samtid, og også om område med potensiell smerte og nederlag, og kanskje som nokså vesentleg innhald i iallfall vaksnes verde og også statushandtering.

Kvalitetar ved foreldrekjærleik inngår i korleis biologisk foreldre har det, og er lyssett innan barnevernet også. Men blir heile spekteret sett og sett ord på, eller ser ein mest etter manglar? Blir foreldrekjærleik sett etter med kun kritiske blikk? Eitt døme kan vere som når Bunkholdt

(2004) positivt skildrar borns lojalitet, men kritisk foreldreforhandlingar om kor glad barnet kan vere/ha lov til å vere både i foreldra sine og fosterforeldre (ibid., s.100).

Borns kjærleik blir derimot ofte nemnd. Ikkje berre som eit fenomen knytt opp mot sviken kjærleik, men som ein faktor borna sjølv tek på alvor (Koch og Koch (1995). Likeeins er foreldrekjærleikens tilfang framme når eksempelvis fosterforeldre og samfunnet diskuterer kva som konstituerer eit godt nok fosterforeldreskap (Ulvik, 2005).

Det er ikkje slik at ein parts opplevde kjærleik kan diktere kva som skal skje med relasjonen. På same vis som ein elskande ektefelle ikkje kan krevje at den andre må bli i forholdet uansett, er ikkje foreldrekjærleik ein faktor som kan få overstyre om born er vanstelte eller mishandla av foreldre.

Like fullt bør foreldrekjærleik medvite omgrepsfestast og brukast innan barnevernet. Det handlar om å forstå og ta inn over seg kva som finnest, så vel som ikkje. Det er naudsynt for at ein skal kunne handtere kva som går føre seg rundt ungane, for å kunne utøve barnets beste.

Det er også etisk naudsynt andsynes foreldre som misser foreldreomsorga, fordi det er så vesentleg innslag i vår tids kulturforståing og dermed psykisk velferd. Og det etiske aspektet har å gjere med at sjølv om barnevernet skal vere mest for barn, har det like fullt stor makt over retninga biologiske foreldreliv tek.

Korleis er oppfylginga av fosterforeldra?

Fleire av dei eg møtte, formidla at dei kjende seg både for mykje og for lite myndige andsynes både barnevern og biologiske foreldre. Og framleis er det som NOU 2012:5 påpeikar eksempelvis slik at fosterforeldre berre er direkte part i fosterbarnsaka si om det vert tale om flytting etter § 4-17 og ad samvere mellom barnet og biologiske foreldre. Det vil seie at dei har legalt forankra rettar til ”dokumentinnsyn, rett til å påklage vedtak og rett til å la seg bistå av advokat” (ibid., s.40). Men fosterforeldras formelle partsrettane er også her framleis innskrenka og ikkje automatisk utløyste (Lindboe, 2007).

Samtidig som dei ikkje gjennomført kjende seg som anerkjent myndiggjorte medarbeidarar i barnevernet, opplevde dei at biologiske foreldre i praksis ikkje alltid var så godt ivaretekne av nokon instans etter omsorgsovertaking av borna deira. Det blei formidla at det derfor tidvis ikkje kjendest trygt nok å overlata fosterbarnet til dei, som ut frå avtalar om korttidsvitjingar.

Fosterforeldra var urolege for ungane, og samtidig hadde dei medkjensle med biologiske foreldres ulukke. Nokre av fosterforeldra formidla at dei både lengta etter å bli sett som så kompetente dei var, samtidig som dei ynskte seg meir vegleing ~ då som ein form for barnevernets kollegaer, ikkje som grunnleggjande, hjelpetrengande klientar.

Sidan mine møte med fosterforeldre har nok oppfylgningstilbodet både blitt meir omfattande, systematisk og også studert (sjå grundig gjennomgang av noverande tilbod i Sundt, 2011).

Om ulike spagatar.

Fosterforeldra gav forte innblikk i mellom anna spagatoppleving som nemnt over. Dei kjende også på spagatar mellom å forstå biologiske foreldres lengt, bornas ulike behov og sine egne kjensler for ungane.

Barnevernet i seg sjølv også står framleis i prinsipielle spagatar av ulike slag, som at ein både har undersøkjande, støttande og dømmende/rettsfråtakande makt over sine umyndige og vaksne klientar, samtidig.

Ungane står nok ofte i spagat mellom egne ynske og draumar og mellom biologiske og fosterforeldres tilhøyringsynske.

Å setje ord på at spagatfenomenet er ei krevjande aspekt ved barnevernet, og at ulike av aktørane innan barnevernet står i slike, synest viktig både for forståinga av prosessane der og for korleis dei einskilde har det i dei posisjonane. Det har å gjere både med identifisering, kunnskap og dermed handtering av og omsorg for dei einskilde som monne stå der, balanserande eller fastlåste.

For meg utgjorde spagatforståinga eitt av kunnskapsinnsiktene eg fekk, og det var vondt å ta inn over seg kor mange som stod i slike spagatar, både qua system og personleg, både som born og som vaksne.

Kven ivaretek barnevernstilsette og på kva måtar?

Det er personleg utfordrande å makte å stå i den sjø av ulukke og avmakt, sorg, sinne og smerte som området inneheld, og i krysspreset mellom lover, einskildlagnader og media til dagen.

Dilemma og motsetningar mellom menneske og prinsipp står i kø. Og kva mål og reiskap skal ein velje stilt andsynes så mykje både menneskeleg mørke og innimellom skoddelegging? Så mange privat livsviktige omsyn står på spel for så mange. Fagfolk er heller ikkje nødvendigvis samde om vurderingar og vekting av kva ein har funne ut (jf. Tidsskrift for Norsk psykologforening, 2013: 2, 4, 5 og 6, debatt om sakkyndige). Leiarar i statsstyringa kan både fronte støtte til barnevernstilsette og samtidig antyde at dei enno ikkje er dyktige nok (jf. Ostling, 2013), når dei uttalar seg om barnevern.

Barnevernsarbeidarar står andsynes ein skog av krevjande etiske klargjeringar, sorteringar, avvegingar og avgjerder. Deira yrkesstatus er vanskeleg og også vanskeleg å fastsetje, sidan ålmenta er delt mellom krav til at utsette born bør takast fort under betre omsorg og at born svært sjeldan bør takast frå eigne biologiske foreldre. Ulike tiltak for å styrkje kompetanse, men også vedlikehalde og vidareutvikle nok stamina til å stå i barnevernsfeltet er både til stades og bør utvilsamt stadig evaluerast og arbeidast med. Døme er både intern fagleg vegleing, gruppesamtalar og konsultasjonstilbod for den einskilde.

Heller ikkje dette viktige aspektet ved barnevern er målområde for denne oppgåva. Like fullt må det strekast opp, fordi det omhandlar korleis medarbeidarane har det i seg sjølv. Og det igjen vil nødvendigvis verke inn på korleis ungane og også både fosterforeldra og dei biologiske foreldra har det under barnevernets omsorg.

Borna det gjeld.

Midt i dette innvikla og vanskelege landskapet står levande born, som skal ha eit særleg vern frå vaksne både legalt og oppvekst- og utviklingsmessig. Korleis handterer samfunnsmuslingen dette ansvaret, og på kva grunnlag?

Korleis skal samfunnet *sjå på* born ~ er dei små vaksne, eller er dei menneskevesen i emning? Og korleis skal samfunnet handtere rammer for i seg å sjølv finne ut av korleis born som *populasjon* er, og korleis *einskildbarnet* i praksis og daglegliv har det? Korleis skal vi som samfunn ivareta ungane våre?

Ser vi alle borna? Og kor stor vekt skal vi tilleggje det born sjølv seier til oss vaksne, vere seg til foreldre og omsorgspersonar eller i ulike profesjonelle roller?

Korleis får vi tak i borns egne røyster i mellom dette vellet av ulike, samanvovne og dels motstridande lag? Og når vi snakkar med dei, korleis nokonlunde etisk haldbart og korrekt få vekta nok om barnet snakkar fritt nok, trygt nok og om ein vil, uavhengig nok av lojalitet andsynes vaksne? Det siste vert ikkje enklare av at fosterborn kan stå i og/eller oppleve seg i spagat mellom sine biologiske foreldre og fosterforeldre. Og korleis finne ut av kva som er "sant", kva som kan ha skjedd, kva som er ønskjedraumar og kva som er fantasi, og kva når barnet ikkje vil svare?

Avklaringar vert spesielt viktige i all denne spennvidda, så også dersom ein som student skal gå inn i feltet. Fallgruvane er svært mange, etisk som fagleg, og det treng ein om å vere tilsvarande medviten om og årvaken i høve.

Og kva er eigentleg dette vi laust kallar "*barnets beste*"?

Fyrst, ei skisse over det motsette:

Årsaker til at born kjem under barnevernets omsorg.

Berk (1991) påviser og argumenterer for at ein vil finne teoretisk semje mellom barnepsykologiske fagfolk om kva som utgjer omsorgssvikt, mishandling eller vanstell av born. Det same kan ein til ein viss grad enno seiast om barneverns- og lovgjevingsfelte. Derimot har det vore vanskelegare å einast om deler av konkrete eksempellister for kva som er omsorgssvikt i praksis/kvar grensene skal trekkjast. Det gjer også forskingsarbeid rundt vanstell utfordrande. Kriteriearbeidet blei og blir utforma i spennet mellom og samarbeid med ulike profesjonar, legale som helse- og samfunnsvitskaplege.

Omfattande kriteriedrøfting er ikkje denne oppgåvas siktemål. Men ei viss definering blir naudsynt som ein del av bakteppet for å visualisere godt nok kva barnevernets born kan ha møtt i sine liv.

Berk (1991, s. 593) listar opp fysisk mishandling med konkret synlege skader som hudskader av ulike typar, inklusive brannsår, og beinbrot; seksuelle overgrep; fysisk vanstell der ungane ikkje får dekkja heilt grunnleggjande behov innan næringstilgang og "klede, husly, helseomsorg og ettersyn" (ibid., s. 593, mi omsetjing); og også kjenslemessig omsorgssvikt og psykologisk mishandling, som ho trekkjer skilje mellom for å få fram foreldremangel på

støtte og emosjonell næring, og konkrete, aktive handlingar som er til skade for barnas ”emosjonelle, sosiale eller intellektuelle fungering” (ibid. S.593, mi omsetjing).

Smith og Ulvund (2004/2006) tek opp samspelsvanskar, understimulering, mangelfull affektregulering og aggresjonskontroll, og empatimangel som moglege teikn på vanstell, og nemner også døme på mishandling som fører til hovudskadar (som risting).

Smith og Ulvund (2004/2006) er blant dei som har påpeika at det er vanskeleg ikkje berre å fastslå om vanstell finn stad i stort nok omfang til at ungar bør fjernast frå biologiske foreldre, men at same foreldre kan by born omsorg som er god nok for somme aldersperiodar, men ikkje i andre.

Born kjem under barnevernets omsorg i eit landskap der ein bedømmer sider ved foreldres levevis og funksjonsmåte (som rus, fattigdom og psykiatrisk liding), og faktorar ved ungene sjølv (som fysisk tilstand, og ulike former for avvikande åtferd og/eller psykisk tilstand). Sidan ulike årsaksfaktorar kan føre til same symptom (eksempelvis beinbrot), og sidan ein framleis ikkje har sikre nok måleinstrument til å sortere i kva som er gode nok oppvekstmiljø for eit spesifikt barn, forklarar det noko om korfor det er så komplisert å ta sikre, eventuelt raske avgjerder om kor vidt ein heim er ”god nok” for eit gjeve barn.

Det forklarar også noko om korfor det er viktig å få ungar sjølv i tale, samtidig som det kan vere uhyre vanskeleg å føre legalt haldbare prov også for at ikkje berre direkte mishandling, men også vanstell går føre seg.

”Barnets beste.”

Kva er då til gjengjeld ”god nok” omsorg? I si tid var det barnevernsmedarbeidarar som gjorde meg merksam på vanskane, konfliktane og det formelt uavklara og utydelege rundt skilnadane mellom ”god nok” og ”særleg god” omsorg. Advokatar som talar mot omsorgsovertaking påpeikar at dette interfererer i forhandlingane mellom biologiske foreldre og barnevernet. På kva måtar kan ein avvege kva som er ”god nok” barneomsorg?

Over har eg lista opp kriterium og døme på mishandling, kva som ikkje kan eller skal reknast som til barnets beste.

Ein kan også bruke kriterium av positiv art, det vil seie kva som bør finnast som minimum i godt foreldreskap. Somme finst indirekte, eller som deler i fleirtalets diskursar om god barneomsorg. Andre er omdiskuterte, som om og eventuelt kor lenge mødrer bør amme ungane sine.

Over mange tiår har kriterium for god barneomsorg blitt tydeleg presenterte i Noreg, som via helsesøsterordninga, og gjennom bøker i barnestell og også praktisk forklart barnepsykologi. Tidlege røyster var Åsa Gruda Skard og Magne Raundalen, som begge også deltok tidleg i NRK-fjernsynsprogram. Ser ein til barnelitteraturen, har vi røter tilbake til Barbra Ring og Anne-Cath. Vestly, som begge skildra gode barneliv under ulike former for foreldreskap. Cato Hambro var ei anna røyst i koret av norske fagfolk som sette fokus på god barneomsorg. Han kom også med forslag til løysingar på potensielle interessekonfliktar mellom born og vaksne, der borns sjølvstendige partsrettar vart lyssette (Hambro, 1966).

Det kan vere at folk flest er så vidt gode omsorgsgjevarar at ein regelrett ikkje kjem medvite på kor viktig og kor omfattande dei "usynlege" sidene ved god barneomsorg er. Andenæs (1997) påpeikar og drøftar kor konkret barnestell er, og at det at ungar utviklar seg godt er heilt avhengig av svært mykje, dagleg arbeidsinnsats. Ho føreslår at konkretiserande samtalar og utforskingar av no, vanlege og gjentekne innslag i dagleglivet kan danne ikkje berre ein arena for godt og respektfullt samarbeid med foreldre, men også kan inngå som konkrete malar for kva som er god nok foreldreomsorg i barnevernets utreiings- og oppfylgingsarbeid.

Andenæs (1997) viser til korleis ungar inngår i *omsorgskjedar* gjennom tid, og korleis desse kan vere tett organiserte for at ungane skal ha det best mogleg, inklusive forutseieleg gjennom dagen og året (Andenæs, 1996). Ho vektlegg kvaliteten på dagleglivets rutinar, som også Haavind (1987) så banebrytande grundig har forska på og dokumentert. Omsorgskjedane er fylte med element som skal sikre ungane velver og god utvikling mot kompetent sjølvstende.

Barneomsorg kan slik innehalde ei lang rekkje praktiske, for mange sjølvtagne dagsrutinar og også jamt stigande opplæring i å overta eigenomsorg, som til dømes personleg hygiene. Her i inngår kulturelle oppfatningar av når vaksne kan vente at born meistarar tileigninga av kompetanse, og når ungar kan sjåast som mogne nok til å ha overteke deler av eller heile eigenansvaret. Når er ungane gamle nok til å gjennomføre tannstellet godt nok, hårvasken? Lage matpakken? Lage middagen regelmessig? Passe mindre sysken?

Kva som er svar på dette, ”god nok” barneomsorg og ”barnets beste”, er kulturavhengig på mange plan. Eit lite døme kan vere religiøse tiltak som at små ungar blir påkledde plagg som turban, religiøst påboden gutelue (kalott), niqab eller hijab for å sikre dei både guddommens godkjenning som verdig og rettlevende individ og subkulturens respekt. Begge deler blir hevda å vere avgjerande for barnets utvikling til god nok vaksensituasjon/etter døden. Samtidig blir desse kleplagga symbolteikn for både religionar og religionspraksisar under majoritetens kritikk i Noreg. Ungar blir ståande i krysspress mellom majoritets- og minoritetskulturar, og kven eig då sann konklusjon om kva som er ”barnets beste”?

Det same gjeld elles grenseoppgangar rundt kva som er rimelege konsekvensar når ungar ikkje handlar i råd med foreldras kodar for god nok åtferd. Kva er straff, og bør straff i det heile førekomme andsynes ungar? Lover mot fysisk avstraffing set somme grenser, men på avgrensa område. Samfunnets diskursar er ikkje uttrykk for systematisk semje. Det gjer barnevernet også meir komplisert å drifte.

Om barnevernets maktsituasjon.

Barnevernsinstitusjonen er legalt tillagt ei omfattande fullmakt, og dermed stor praktisk *makt* over liva til einskildmenneske. Samfunnets formelle og reelle makt over einskildindivid og grupper bør alltid setjast ord på, undersøkjast og takast stilling til, og særleg vesentleg vert det om det handlar om individ og grupper som kan vere ekstra veike, potensielt stigmatiserte og/eller i mindretal. Det blir derfor samfunnsmessig viktig både å definere maktas omfang og å undersøkje og ordsetje praksis og konsekvensar av den makta barnevernet har. Dette ligg og må liggje til grunn og er diskutert frå ulike kantar (Oppedal, Sandberg og Syse, 1994).

Maktdelen er både stor og omfattande, menneskeleg og økonomisk. Barnevernet må tidvis velje mellom kva andre menneske får av framtid når ulike vaksne og born ikkje har eins oppleving av familiestoda.

Det handlar såleis om etisk ivaretaking, og om korleis samfunnsmedlemmer har det både med kvarandre og i høve til menneskerettar og ad kvaliteten på liva sine.

I desse maktundersøkjande prosessane inngår og bør inngå å hente inn konkrete forteljingar frå både utøvarane av makta, som barnevernsmedarbeidarar på ulike nivå, og frå dei som er

objekta for maktutøvinga, det vil seie born under barnevernets omsorg og dei biologiske foreldra og familien.

Fosterforeldre er både tillagt noko makt og står samtidig med ein del formelt uavklara posisjonar, som vedrørande langtidsutsikter og tilhøvet til biologiske foreldre, kva som utgjer nokre av dei spesielle særtrekka for denne foreldregruppa.

Barnevernet utøver også makta si mellom menneske som på ulike måtar strevar med å halde fast ved og/eller å prøve å oppnå menneskeverde og respekt som personar, i det årsaker til at born kjem under barnevernets søkjelys og omsorg ofte botnar i rus, psykiatri, fattigdom og kvar derfor familiane står når det gjeld samfunnsstatus.

Barnevernets maktløve og -utøving bør, og blir, stadig lyssett og etterprøvd på ulike måtar, internt, hos lovgjevarane og eksempelvis i media. Det er ein del av den daglege praksisen på mange plan, og bør vere det.

Konsekvensar av barnevernets maktutøving var noko av det eg undervegs i studien min blei interessert i å forstå meir om enn det eg hadde ord og planar for under førebuingane og sjølve intervjurundane.

Og korleis går det med fosterborn?

Bunkholdt og Sandbæk (2008) gjennomgår og drøftar fleire studiar, både norske og utanlandske, og påpeikar at det på mange måtar ikkje går fosterborn så godt. Dei kjem dårlegare ut samanlikna med born oppvaksne i heimar utanfor barnevernets omsorg, på viktige område som utdanning, arbeid, kriminalitet, at dei gifte seg tidleg og fekk barn tidleg, at dei opplevde vanskar med økonomistyring, å bli glad i nokon og einsemd.

Det verkar ikkje som at det går betre med dei som blir tilbakeførte til biologiske foreldre, heller.

Tilhøve som synest å verke mot desse negative utviklingane, var tidleg plassering i fosterfamiliar der dei blei godt integrerte og blei over tid. Adopterte born har betre utsikter enn mange fosterborn. Smith og Ulvund (2004/2006) peikar på tilsvarande studiefunn som Bunkholdt og Sandbæk.

Fleire årsakstilhøve kan forklare utviklingsforlaup av negativ art, men det er openbert viktig både stadig å undersøke og forske breitt på barnevernets tiltaksarbeid og omfattande på korleis dei ulike aktørane fungerer.

Kapittel 3. KUNNSKAPSINTERESSER, STUDIEDESIGN OG METODAR.

Kunnskapsinteresser og område for utforsking.

Det eg blei særleg oppteken av, var å finne ut meir om kva ungane under barnevernets omsorg *sjølve* meinte om barnevernet sitt. I hovudpraksis fekk eg lese nokre barnevernsjournalar, og vore med på møte der engasjerte barnevernstilsette prøvde å finne ut av og gjere det beste og rettaste for "sine" born. Kva ungane sjølve meinte, opplevde og kjende, syntest umiddelbart ikkje å komme så tydeleg fram; det var dei involverte *vaksnes* forteljingar og vurderingar som utgjorde hovudtyngda i både journalar og møte. Ungane blei fortalde *om*, slik at både levevilkår og resultat av levevilkåra blei rapporterte om og skildra. Like fullt sat eg att med langt fleire opplysingar og inntrykk av korleis dei *vaksne* såg på barnet og barnets situasjon, enn av korleis *ungane* sjølv opplevde å ha det. Denne opplevinga synest å vere i tråd med det Backe-Hansen påpeikar (jf. Backe-Hansen om barnejournalar, i Hærem og Nes Aadnesen (2008)).

Som eg såg det, og ser det, både må og skal vaksne ha hovudansvaret for korleis born har det. I dette vaksenansvaret inngår både å ha kunnskap om kva som må til for at born skal ha ein god nok oppvekst, og evne til å gjennomføre slik kunnskap i praksis. Like fullt bør vaksne vite om korleis ungane sjølve så opplever tilveret sitt, inklusive foreldreomsorga.

Når barnevernet går inn og undersøker og eventuelt overtek omsorga, bør derfor også ansvaret om å finne ut av kva ungane sjølve har å fortelje, fylgje med. Ikkje nødvendigvis fordi avgjerdene kan bli i samsvar med det ungane sa, men fordi ungane bør møtast og ivaretakast der dei er. Til dette arbeidet trengst medvit, kunnskap og arbeidsreiskap gode nok.

Dette var i 1999: Seinare kom dette fokuset på direkte å få tak i ungenes røyster meir og meir inn både i samfunnets og barnevernsfaglege diskursar, og likeeins i lovverket. Det betyr ikkje nødvendigvis at det ungane seier, blir det som avgjer korleis borna skal leve eller bli oppseda. Born er ikkje små vaksne med ferdigutvikla, mogne hjernar. Dei manglar også både røynsler og også den vaksne styrke til å kunne stå opp for seg sjølv; dei er ikkje verken legalt sett myndige, eller med godt nok utvikla samfunns – og eigenoversikter til å skulle måtte ta ansvar for eigen oppvekst og levevilkår.

Like fullt kan ein argumentere for at skal eit barn ha det godt nok, må det få fortelje om korleis det har det, og bli høyrte og møtt på ein god nok måte. Dette blir ikkje mindre vesentleg når andre, for barnet ukjende vaksne går inn med rett til å sjå på og vurdere foreldrepersonanes levevis og omsorgsevner, av fleire årsaker. Barnet vil kunne ha nær tilgang til foreldres kjensler, inklusive kjensler som dei strevar med, og dei vil fort kunne komme i lojalitetsklemmer av omfattande art. Dette kan sjåast på som medverkande grunnar til at borns utsegner ikkje skal ha avgjerande innverknad på eigen omsorgslagnad. Samtidig kan det vere særleg viktig å få tak i, for slik ha best mogleg utgangspunkt for å støtte, og eksempelvis trøyste og/eller finne tiltak som gjer livet lettare for barnet slik det opplever kvardagane sine.

Dette var utgangspunkt for å rette kunnskapsinteressa mi mot ”barnets røyst”, mot kva born sjølve hadde å fortelje om korleis dei hadde det under barnevernets omsorg. Eg blei etter kvart interessert i å finn ut av korleis ungane nyttar kulturell kompetanse i sitt arbeid med å finne meining i opplevingane sine.

Og å finne meining i opplevingane sine er kanskje særleg viktig for barnevernets barn. Mange, kanskje fleirtalet av dei har både vanskelege hendingar og livperiodar å handtere. Og dei skal forstå og fordøye mykje kaos og uoversiktlege, brå omskifte. Dette karakteriserer gjerne også overgangar til ein ny heim: fosterheimen.

Overordna kunnskapsinteresse:

Eg ynskte å få tak i måtar ungar sjølv har til rådvelde for å skape seg meining i vanskelege, kaotiske, kanskje overveldande livsrøynsler og opplevingar.

Korleis kunne eg best gjere det? Svaret blei å bruke kvalitative tilnærmingar, med utgangspunkt i intervjustøtta barneforteljingar – invitere borna til narrativ utforsking av nokre gjevne barnevernsaspekt.

Også mindre born er vane med å fortelje, og kan bli glade for at nokon vil høyre grundig og eit stykke tid på kva dei har å fortelje.

Likevel: Dette baud i seg sjølv på utfordringar, i det eg kjende meg langt betre skulert i kvantitative enn i kvalitative metodar og fagleg tenkjemåte. Det skulle også slik bli ein nokså

tornefull, men lærerik veg gjennom heile oppgåveprosessen. Kva er kvalitative metodars fordelar, ulemper og ikkje minst eigentlege vesen?

Kvalitativ innfallsport: Kulturpsykologisk overbygg, og grader av kulturell kompetanse.

Metodedelen vil leggje hovudvekta på praktisk gjennomføring, også fordi det praktiske reflekterer og spelar på lag med ei side ved den kvalitative forskinga: At vegen forskaren går, blir utforma delvis av samspelet mellom utvalet ein ville ha, og fekk, av kva utvalsmedlemmene faktisk bringa inn i samspelet, og kva forskaren sjølv bidrog med og så jobba fram vidare. Det inngår i tenkjemåten Kvale (1997) kalla ”intervjuaren som reisande”. Forskar er ikkje ute etter å finne ein ferdig, passivt ventande stykke fasttømra faktainformasjon. Forskar er ute etter kontekst og variasjon i individuelle opplevingar og tolkingar, og ulike kvalitetar i leitinga etter meininga i det som skjer ein.

Ganske særleg med ungar tenkte eg meg at slik kvalitativ tilnærming ville vere fruktbar. Ungane kunne få fortelje innan ei vid ramme om eit lefefelt dei kjende, familieliv under barnevern. Og så kunne barn og studentforskar sjå kva vi enda hen – kva ungene hadde å og ville snakke om.

Når forskaren er ein urøynd student.

Sidan eg var både urøynd som barneforskar, også med å intervjuje born i fagsamheng, attpåtil born som ein må forvente står i særleg sårbar situasjon/har vanskelege røynsler med seg, gjorde eg to grep. For det første valde eg å søkje etter born mellom åtte og ti år, fordi eg ønskte eit barneutval som eg venta var gamle nok til å kunne verbalisere rundt barnevern som konsept, samtidig som dei var ”mindre born”.

Som mamma hadde eg både litt eldre born og eitt som då var ni, slik at eg som personleg utgangspunkt hadde direkte praksistilgang til korleis den aldersgruppa kunne tenkje og formulere seg – og ei nivåkalibrering i høve intervjuutforminga mi.

Denne grunngjevinga hang også saman med mitt siktemål om at undersøkinga mi skulle fungere så skånsamt som mogleg for ungene, eit etisk sett viktig siktemål for meg. Sidan eg var urøynd barneintervjuar utan høve til fagleg føretrening i intervjuing av små born, var dette

den aldersgruppa eg kjende meg mest sikker på å kunne ivareta i slik intervjusituasjon som eg planla.

I utgangspunktet ønskte eg eit barneutval på inntil 10 born. Sjølv om eg planla ei kvalitativ studie, med vekt på individuelle opplevingar, og dermed ikkje med eksplisitte krav til at studiefunn skulle kunne generaliserast, ønskte eg likevel ei viss breidde på forteljningstilfanget; ei kanskje sikrere tilgang på rikt nok materiale til at det skulle opplevast som fagleg kunnskapsgeivande nok. Tyngda i psykologstudiet var, slik eg såg det, for ein stor del basert på kvantitative studiar og undersøkingar. Då det viste seg at berre fem ungar sa ja til å la seg intervjuje, blei dette eit svært vanskeleg utgangspunkt for meg då eg skulle i gang med sjølve intervjuanalyseringa. (Meir om konsekvensar av så lite utval i Del III om etikk og ivaretaking av teieplikta).

Etiske omsyn i barneforskning.

Eit kjernepunkt for meg var å møte ungane på ein måte som ikkje la stein til børa i den presumptivt sårbare posisjonen eg venta å finne dei i. Etiske refleksjonar og praksis stod sterkt i fokus for meg, og eit oppgåvemål var å integrere dette både i studieprosessen og å streve generelt etter etisk haldbare, tenlege arbeidsreiskap til bruk når ein arbeider fagleg med antatt spesielt sårbare born.

Eg vonar oppgåva vil reflektere ein del av dei dilemma barnevern byr både sine klientar, fosterforeldre og barnevernsarbeidarar. Likeeins lyssetje dei etiske utfordringane urøynde studentar kan stå andsynes i møta med mindre born og også fosterforeldra, og dermed yte eit bidrag til korleis praktisk førebu seg på og gjennomføre slike møte på gode måtar.

METODAR FOR PRAKTIKKEN.

Innhenting og handtering av formelle løyve.

Barnevernsleiar for det aktuelle distriktet var frå starten positiv til studien min, og gav både vegleing i at eg fyrst måtte søkje Barne- og familiedepartementet om løyve til å få intervjuje

desse borna (Vedlegg 9 og 12), før barnevernssjef kunne gje sitt; og etter at alt det formelle var på plass, sitt formelle løyve (fremst i Vedlegg, Del I).

Likeeins fekk eg gjennom prosessen avklara med Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste og Rådet for teieplikt og forskning at eg kunne intervju borna, og dispensasjon frå teieplikt med somme atterhald kva gjeld fosterforeldres teieplikt (Vedlegg 6 til 12).

Av anonymiseringsomsyn vil både namn på aktuelt barnevernsdistrikt, samt barnevernssjef og min psykologveglear der vere sladda i samtlege vedlegg her. Det inkluderer underskriftene deira. Dette er for å ha fullstendig oversikt over kven som får vite distrikts- og eigennamn. Kopiar ligg hos veglear Skjær Ulvik og på Psykologisk institutt, samt hos aktuell barnevernssjef og ansvarleg psykologveglear der. Treng sensorane å sjå originalane som lekk i oppgåvевurderinga, vil underskrivne originalar bli framlagde for kontroll av autentisiteten.

Prosedyrane rundt å finne barneinformantar.

I dette arbeidet fekk eg praktisk hjelp av barnevernstilsette i innleiingsfasen. Etter informasjonsmøte med dei, avtala vi at dei skulle sende ut ein forklarande brevinvasjon til aktuelle fosterforeldre, der eg spurde om dei og fosterbarnet deira kunne tenkje seg å delta i forskingsprosjektet mitt (Vedlegg 5).

Eg vedla svarslipp (Vedlegg 13) og frankert konvolutt, i det eg bad fosterforeldra kontakte meg direkte om dei og barnet ville delta. Dette var ein måte å sikre dei som sa ja deltakaranonymitet versus barnevernet også. Fosterforeldra som deltok, underskreiv ei innforstått samtykkeerklæring før intervjuet med barnet (Vedlegg 15). Dei underskrivne erklæringane blei som lova så overleverte til nedlåst oppbevaring, ved Bente Jansen, Psykologisk institutt).

Eg sende også ut purrebrev på same måte via barnevernstilsette (Vedlegg Del II A og II B).

Dei barnevernstilsette blei takka for hjelpa også skriftleg (Vedlegg 17 og Del II A).

Dei borna som sa ja til fosterforeldra, fekk sitt eige invitasjonsbrev, som eg sende direkte til dei fosterforeldra som kontakta meg (Vedlegg 14). Der fortalde eg om prosjektet og vektla at eg hadde teieplikt, og at barnet sjølv avgjorde kva det ville snakke om og ikkje. Likeeins bad eg der om deira løyve til å bruke bandopptakar. Dette var min innleiande måte å formidle at

eg ynskte deira innforståtte løyve til å la seg intervjuje og dels skrive om. Det inngjekk i korleis etisk haldbart nok involvere små born i ein studie som dei nødvendigvis ikkje kunne ventast fullt ut å forstå fallgruvene ved. Det var viktig for meg å prøve å verne dei mot å bli pressa til å delta mot sin vilje.

Ungane skulle ikkje underskrive noko. Det har dei ikkje plikt til, og dei var jo heller ikkje myndige til det/ei underskrift ville ikkje vere gyldig juridisk. Men formålet med brevet var å informere dei om kva eg ville dei, og formidle at dei hadde rettar både til å seie nei, avvise intervjutema, avslutte når dei ville, samt å forklare om teieplikta mi.

I tillegg utarbeidde eg eit informasjonsbrev til eventuelle biologiske foreldre med foreldreansvar (Vedlegg 16), men dette veit eg ikkje om det vart aktuelt for den informantgruppa eg fekk. Det var i utgangspunktet viktig for meg etisk sett både å informere dei biologiske foreldra om kva barnet deira deltok i, og å syne dei også respekt som foreldre. Likeeins var dette brevet meint å inngå i tiltak som skulle gjere sjølve intervjufylgjene så lite kompliserande og stressande for ungene som mogleg.

Dette tiltaket støyte i praksis an mot fosterforeldras teieplikt, i det dei ikkje kunne fortelje meg kor vidt dei biologiske foreldra hadde foreldreansvar eller ikkje. Eg veit derfor ikkje om nokon biologisk forelder mottok brevet frå fosterforeldra, slik meininga eventuelt var. Eg veit heller ikkje om nokon av ungene fortalde biologiske foreldre om at dei hadde snakka med meg: Ingen biologisk forelder kontakta meg.

Utfallet av invitasjonsprosessen blei at eg fekk intervjuje 5 born. Fosterforeldre til to andre born kontakta meg telefonisk. Den eine sa at det ikkje gjekk av reint praktiske tilhøve, medan ein annan fosterforelder gjerne ville ha delteke, men der avslo barnet til slutt invitasjonen.

Barneutvalet.

Som lekk i å sikre barneinformantane ei god forskaroppleving, sette eg eit utvalskriterium om at ungene skulle ha ei trygg forankring i fosterheimen sin. Borna skulle ha budd der minimum eitt år og ha det så forutseieleg fastslege som mogleg at det var der dei skulle vere over tid vidare også. Dette inngjekk i mitt etiske formål om å ivareta ungene så godt som mogleg i eit potensielt, hypotetisk ukomfortabelt eller vondt dykk i si forhistorie.

Rammesamtalar.

Både som lekk i å sikre fosterforeldra godt nok samtykkegrunnlag, og for å ivareta ungane best mogleg, avgjorde eg tidleg at eg ville gjennomføre ein rammesamtale med fosterforeldra før barneintervjuet. I denne ville eg både informere grundig rundt prosjektet, og spørje om det var særlege omsyn eg burde ta til deira individuelle barn. Fosterforeldra blei også oppmoda om å ta kontakt om der skulle oppstå vanskar eller spørsmål i etterkant av intervjuet, eller om det skulle bli aktuelt å trekkje tilbake deltakingsløyve frå deira hand.

Eg tilstreba at fosterforeldra skulle kunne gje eit innforstått samtykke. Nokre av fosterforeldra snakka vidare med meg etter barneintervjuet. Ingen trekte tilbake intervjuløyvet eller melde etterpå at noko barn hadde hatt vanskar etterpå.

Kapittel 4. BARNEKULTURELL KOMPETANSE OG KUNNSKAP.

Kvar ungene var, og kva dei formidla.

I dette kapitlet har eg valt å fylgje ungene ut frå gangen i dei konkrete, men like fullt opne nivåspørsmåla eg hadde budd ungene på. Utgangspunktet var Intervjuguiden (Vedlegg 4), og den utgjorde eit fruktbart og fungerande innfallspor til dei ulike barneverdene. Eg kom i løpet av analyseprosessen med rådata til at dei overordna, konkrete spørsmåla i Intervjuguiden også fungerte som eit effektivt snitt gjennom dei ulike forteljingane. Tilgjengeleg kulturpsykologisk fellesgods viste seg, til liks med samfunnsdiskursar om kva som er god barnekompetanse i eiga framferd, og barneforståingar av kva som er ein god son/ei god dotter.

Nivå I. Rekonstruksjonar med ungene: Korleis var det å flytte frå sine biologiske foreldre?

Ungane tok på heilt ulike måtar fatt i invitasjonen min, men dei tok godt og kompetent tak i den.

Anna var for lita til å hugse si eigenopplevde forteljing om korleis det var å flytte. Men ho hadde si forteljing likevel. ”*Jeg blei kjørt hit. Og så på veien begynte jeg å gråte for jeg ville tilbake til mamma, og så ... [] ... når vi kom nede ved blokka så begynte jeg å bli glad igjen.*”

Anna skriv seg inn i ein føreliggjande, tilboden diskurs i samfunnet. Når eit lite barn blir teken vekk frå mammaen sin, er det vanleg, rimeleg og forståeleg at eit barn gret. Samtidig flaggar forteljinga hennar effektivt at ho kan vere knytt til og glad i begge foreldresetta sine, både biologisk og fosterforeldre. *Anna* gret over å bli teken vekk frå biologisk mamma, men så blei ho glad for å få ei fostermamma. Ho ivaretek lojalitet til begge mammaene.

Dag hugsa både flyttinga og at han blei så lei seg at han gret lenge når flyttinga brått blei eit faktum. Han hadde ikkje fått vite om det på førehand. Eg veit ikkje grunnen, men *Dag* som visste at det var barnevernstilsette som henta han, meinte at dei ikkje hadde fortalt han om hentinga fordi dei ikkje ville at han skulle ”*begynne å skrike og sånn.*”

Men det gjorde *Dag* likevel. Han hadde ikkje fått sagt adjø til mammaen sin, langt mindre til vennene sine. *Dag* stod støtt for at det då var heilt rimeleg at han gret.

Han brukte tid og intensitet på å formidle at han hadde sorgja og protestert over at han ikkje fekk ta farvel med vennene sine. Også seinare hadde han prøvd å få til dette, utan å nå gjennom med ynsket sitt, anna enn med ein venn.

Nivå II. Utdjupingar med ungane. Om å søkje meining i opplevingar.

Dag finn ikkje noko eigentleg meining i at han ikkje får seie ha det til mamma og venner. Han trur det er fordi barnevernshjelparane hans ikkje vil han skal gråte. Om det er for at det er greiast slik, eller om det er for at han ikkje skal ha det vondt blei ikkje heilt avklara. Men han er positiv til sine barnevernstilsette likevel, han meiner dei har både leika med han og seinare forklara han meir om korfor han måtte flytte. Han har også forstått korfor han ikkje kunne bu hos biologisk mamma, men det var det ingen som forklarte han då han blei flytta.

Like fullt streva han framleis med å finne noka god nok meining i at han ikkje fekk ta farvel med dei han ville, endå han gret og bad om det.

Dag ville ha fostermor i rommet under intervjuet. Då vi var ferdige, reiste fostermor seg og roste han varmt for kor flink han hadde vore til å fortelje, og spurte om han skjønna det sjølv. Ho var ei røynd mamma, glad for å vere det, og eg kjende meg nok trygg for at Dag ville bli møtt fram over på dette med sorga og saknet.

Om teieplikta, fordeler og ulemper.

Barnevernstilsette kan ikkje nødvendigvis organisere det slik at alle born får teke farvel med dei som dei er glade i og knytte til. Eitt er at det kan vere snakk om straksflyttingar, eit anna er at teieplikta er så streng at den nok vil setje bom for å ta fosterborn med på farvelrunder i venne- og nabolag.

Beate ville unngå å fortelje noko konkret som kunne tenkjast å sverte sine biologiske foreldre. Ikkje berre stoppa ho seg sjølv i å fortelje her, men ho påla meg verbalt ikkje å fortelje om antydningane sine også, og korfor. Eg fann det både interessant og let meg imponere av at eit så lite barn hadde forstått så eksplisitt kva teieplikt kan brukast til. Denne jenta var kompetent innan korleis verne om både eigne og andres interesser, smidig og rett fram.

Ho fylgde dermed opp mine tilbod om at det var barnet sjølv som hadde retten til å bestemme kva der skulle snakkast om og korleis. Eg stadfesta dette, og lova like eksplisitt tilbake at deler av det ho hadde formidla eller sagt rett ut, skulle forbli helt dekkja av den lova teieplikta.

Teieplikta er vesentleg, men der bør gå ein kontinuerleg evalueringsprosess av når den er til borns beste på ulike måtar, og når den medfører ei smerte og sorg som barnet kanskje burde sleppe. Om ikkje anna, syner Dags forteljing at ungar treng å bli sett, snakka direkte med og forklart også dei vanskelege avgjerdene.

Og kanskje kan born somme tider ha meir rett til å få teke farvel, eit viktig innslag i vaksnes sorgkultur – enn at lovbokstaven i ei teieplikt alltid skal firkanta overhaldast?

Sosial barnekompetanse i eit komplisert landskap.

Filip og eg fann ikkje fram til ei samanhengande, direkte presentert forteljing om korleis det hadde vore å flytte frå sine biologiske foreldre. Han nemnde at hans sakshandsamar i si tid hadde fortalt han at han skulle få flytte til fosterforeldra sine. Han visste ikkje direkte at denne dama var frå barnevernet, ho var *Fia*. Så delte vi hans tette samanfletting av eit barneliv der han budde fast hos sine fosterforeldre, men heldt kontakten innimellom med biologiske foreldre som truleg streva med å halde sine liv i hop.

Han gleda seg både over at biologisk mamma fekk komme på besøk no og då, og drøymde om at han ein gong ville få flytte saman med henne att. Også biologisk pappa hadde vore på besøk. Det var ”*morsomt*”. *Filip* var også stolt over å ha bilete frå sitt tidlegare familieliv. Han henta album som eine forelderen hadde gjeva han, og peika på og las frå tekst i albumet.

Samtidig var *Filip* heilt komfortabel som barn i fosterheimen sin. Før kaffisetet viste han meg rundt i stovene der, og fortalde fornøgd kva for nokre av gjenstandane fostermamma hadde vore flink nok til å lage. Han flytta seg avslappa og trygt rundt i stovelandskapet, og meistra saumlaust ein kulturens kompetanse i å vere eit barn som kunne vise rundt i huset sitt.

Likeeins passa han på å by meg ekstra kaker frå fatet vi hadde fått med oss med tilleggsaker inn til intervjuet. Under kaffisetet var han vennleg merksam på når gjesten kunne trenge litt meir kaffi eller kaker, heilt tilpassa og igjen saumlaust øvd i korleis det skulle vere.

Filip kunne sine sosiale kodar for korleis ein velintegert og vel opplært son i heimen kan ta mot ein gjest, og samtidig hyggjeleg rose ei flink fostermamma. Samtidig formidla han også

kjærleiken og banda til si biologiske mamma og ein pappa som hadde dugleikar både far og son kunne vere stolt over, og som viste at pappa brydde seg om guten sin sjølv om dei ikkje kunne bu saman. Han skreiv seg rett inn i diskursen om at biologiske foreldre er gode (nok) foreldre uansett, og at ungane deira helst bør bu hos dei.

Fosterforeldra antyda i rammesamtalen at Filip streva med god nok alderskompetanse, slik at eg ikkje måtte bli skuffa om eg ikkje fekk så mykje ut av intervjuet. Men denne studentforskar let seg imponere over nettopp kor god og trygg kompetanse Filip viste, innan sitt varierte og ujamne fleirforeldrelandskap.

For lenger ute i intervjuet kom også Filip så vidt an i ei sorg og eit trist opprør over å ha blitt flytta frå si biologiske mamma. Han synest det var ”*dumt*”. Og han viste at han hadde fått med seg eit grunnelement i ein av dei rådande samfunnsdiskursane ad foreldreskap. ”*Det er ikke så morsomt å dra bort ... å flytte frå mammaen sin.*” Eg tilbød forsiktig eit ”*Du hadde mest lyst å bu der då.*” Og Filip stadfesta det med utropsteikn. Når han så fortel at han forgjeves prøvde å protestere mot flyttinga, sjølv om han forstod korfor det var naudsynt også, har han både forsikra om lojalitet til mamma og skrive seg inn i diskursen om at eit barn bør bli hos mammaen sin sjølv om ho ikkje kan stille med det som er vanleg i kulturen vår.

Utanfrå kan det synast som om Filips verd enno er underleg fragmentert, og at han løyser det med å plassere meining i kvar foreldreverd. Enno er samanhengane ikkje ferdig integrerte.

Kven hjelper han?

”Såne som spør meg åssen jeg har det?”

Filip mangla også ei klar førestilling om at personar frå barnevernet hadde ulike og spesifiserte roller som eventuelt kunne ha hjelpt han, med å kople saman og finne overordna meining i verdene har veksla mellom, diskursane han skreiv seg inn i. Han visste at Fie kom innom no og då, og likte at ho prata med han og las eventyr for han. Han såg på Fie som ein velkommen gjest eller familiekjenning, og hadde inga klar oppleving av at ho var hans barnevernsansvarlege. Han var van med at framande kom innom og spurde korleis han hadde det, men han hadde ikkje kopla dei saman med tilvera sine. Dei kunne kanskje ha vore samanbindande bruer for han, men var det nok ikkje så langt i tilveret hans.

Det same gjaldt Anna, ad tilsynsføraren *Andrea*. Anna visste godt at *Allis* var hennar bru mellom barnevernet, Anna og dei to mammaene hennar. Allis fylgde henne til biologisk mamma som budde eit godt stykke unna, og Allis hadde snakka med Anna om barnevern og også om arbeidet sitt litt i praksis elles – at ho likte det.

Anna visste derimot ikkje at Andrea kom i profesjonelt ærend. Dette kom fram tilfeldig under sjølve intervjuet, under ei felles oppklaring mellom fostermor og Anna om kven Andrea var. Andrea hadde fylgt fosterfamilien så lenge Anna kunne hugse. Det var nok eit sjokk for henne å forstå at Andrea ikkje var familievenn likevel. Anna hadde reiskap for å skape formildande meining i dette også: Ho sa at mamma nok hadde trudd at Anna visste dette. Men Anna formidla at *”Det var rart! [--] Det er litt rart, siden da ... føles det nesten som alle kommer fra barne – barnevernet.”*

Og studentforskar var ikkje budd på nett den. Men saman fann vi ut at barnevern uansett kunne vere eit bra tilbod, både med fornuftige grunnar for inngrep og fordi Anna skjønnte at dei *”skulle ... gjøre det sånn at barna hadde det godt.”*

Oppsummering. Ungane og deira barnevernskontakt.

Det var stor variasjon berre mellom dei fem ungene i studien om korleis dei tolka sine møte med dei ulike barnevernsrepresentantane. *Anna* visste om sin barnevernsansvarlege, men ikkje at ho hadde ein tilsynsførar med eit anna formelt mandat.

Beate visste namnet på sin barnevernsansvarlege, men ikkje på tilsynsføraren sin, som kom innom og las for henne. Ho hadde ingen klar meningskonstruksjon om at barnevernstilsette representerte ein heilt tydeleg støttefunksjon. Ho stolte på eigen innsats og evne til å greie opp for seg, med Gud attåt. Ho hadde bede om at ho måtte få vere i fosterfamilien sin. Barnevernstilsette kunne hjelpe praktisk med reisefylgje. Men skulle ho få bli der ho ville, framgjekk det at ho sjølv var den som måtte gjere dette klart og kjempe for det.

Dag visste godt om kven som var hans barnevernsansvarlege. Han hadde tydelege tolkingar av korleis barnevernet hadde fungert for han, noko han var både fornøgd med deler av og opprør og fortvila over andre konsekvensar av.

Filips verd var delvis todelt, der samanhengane og forståinga av heila ikkje var ferdig integrert. Barnevernsansvarlege hadde lita plass i hans meningskonstruksjonar, og han hadde

inkje engasjement eller eigentleg tilhøve til kva deira funksjon og hjelpetilbod eventuelt skulle vere.

Celine: Ei forteljing om korleis feilslegen kommunikasjon kan ha forkludra intervjuet.

Med *Celine* gjekk intervjuet for det meste trått. Det gjekk varsamt greitt i starten av intervjuet, medan studentforskar snakka litt rundt informasjonsbrevet, formål og teieplikta. Celine stadfesta at ho hadde vore litt i stuss om ho skulle delta. Studentforskar prøvde frå ulike måtar å invitere til samtalar omkring overgangen mellom opphavleg heim og den noverande, og blei møtt med ulike avvergemåtar. Ho hugsa ikkje, svara med einstavingsord, og avviste effektivt ulike forsøk på å tilby forteljingsdeler.

Eg meiner i etterkant at eg var for sein til å identifisere at Celine ikkje ville snakke om overgangen til noverande fosterheim. Eg trefte godt då eg om ei stund spurte om eg var full av vanskelege spørsmål. Ho hadde også vore utsett for svært mange ”sånne som kjem og spør om korleis ho har det”, hovudsakleg stadig skiftande tilsynsførarar, og var tydeleg lei av at der jammen kom ei til og gjorde det same.

Det som slo meg etter mykje grubling over rådata, var at Celine kanskje hadde trudd at vi skulle snakke om ein beredskapsheim der ho hadde budd lenge, og overgangen frå biologisk forelder til paret der.

Men det får eg ikkje vite. Eg undrast om og bebreider meg sjølv for at eg sat lenge med fosterforeldra i rammesamtale: kanskje Celine måtte vente for lenge på meg og så hadde lyst å bli ferdig og gå ut med venninnene sine; kanskje ho mislikte at fosterforeldra og studenten snakka så lenge når ho ikkje fekk vere med. Det var urett å la henne som skulle vere hovudpersonen vente så lenge, og ikkje profesjonelt avgrensande nok frå mi side.

Slik fekk eg god praksislærdom av dette barneintervjuet også, i krav til sensitivitet og situasjonsforståing. Eg tek respektfullt og takksamt mot den røynsla også, gjennom utfordrande og nyttig for ein urøynd studentforskar.

Nivå III. Vidare samanhengar. Kva overordna meiningar hadde borna om barnevern?

Anna hadde ei konkret fortolking av at hennar barnevernsansvarlege var der for å hjelpe på hyggjeleg vis med reisefylgje. Barnevernet hadde handla fornuftig i si tid, og at dei hadde som konkret formål å hjelpe born til rette mammaer om biologiske mammaer for eksempel var for unge til å ha born. Ho fann ei overordna meining i at barnevern er til for å sørge for at born har det godt.

Beate oppsummerte også at barnevernet var der for å hjelpe, for at borna skulle ha det godt. Ho sa at dei er flinke fordi dei prøver så godt dei kan og at ho veit det. Samtidig tok ho både æra for at ho hadde fått det som ho ville – med Gud attåt – og sat dermed med eit ansvar for at ho måtte stå på for at det skulle forbli slik. Ho var energisk og kommuniserande, med godt grep om korleis ho kunne innverke på det som skjedde henne. Intervjuet med henne slutta brått, etter at vi hadde gått over nokså mykje. ”*Og nå – husker jeg ikke så mye mer.*” Ho var openbert sliten, og nikka berre då eg spurte om vi skulle slutte av. Beate hadde gått gjennom mykje, og såg seg som det kompetente barnet ho var – men det kosta nok krefter. Ho hadde kanskje eit svært realistisk bilete av at barnevernet vil og kan mykje, men at det ikkje er sikkert at dei kan få ordna alt som bør ordnast for eit barn likevel.

Filip kom til at barnevernet er for å passe på ungane, når foreldre kunne vere huslause og sånn. Slik slapp ungar å leve på gata.

Celine syntest det var slitsamt med alle barnevernsdamene som kom og blei borte att. Ho heldt standhaftig fast ved at ho ikkje visste særleg om barnevern, ei heller kva dei kunne ha som funksjon i samfunnet.

Dag hadde derimot klare minne til sine barnevernstilsette, som han både respekterte og samtidig ikkje var einig med korleis dei hadde møtt han i avskilskrisa hans – slik han skapte meining i hendingssekvensen. Han var tydeleg i forankra i at det var å vente at born gret når dei blir flytta frå mor og vennekrens, og stod for sorga og saknet sitt. Han oppsummerte like fullt at det er veldig fint å ha eit barnevern. Dei kan fylgje han når han skal besøke biologiske foreldre innimellom. Overordna sett kan dei sørge for at ”*da slipper barn å – å være hos de foreldre som er fulle og – kanskje blir de av og til – det er noen ganger at de blir – slått – blir – blir slått –*”

Ja, slik kan det vere, Dag.

Nokre røynsler frå Rammesamtalane.

Fosterforeldra var svært hjelpsame og tok mot meg med varme og interesse. Alle inkorporerte fyrste delen av rammesamtalen sin i eit lite kaffiselskap. Slik la dei smidig til rettes for at ungen skulle få sjå meg an litt i ein kulturelt sett naturleg besøkssetting, før han eller ho sa endeleg ja til intervju. Eit stykke ut i kaffien bad dei ungen om å få snakke litt med meg åleine, før eg så etter det gjekk til barnet sjølv.

Fosterforeldra gav meg fleire gløtt inn i korleis det var å vere fosterforeldre. Det gav meg eit uventa kunnskapstillegg, inklusive eit par punkt der eg ikkje var godt nok budd på kva ein som barneforskar må kunne handtere. Det siste handla om at fosterforeldre formidla at somme kunne tenkje seg forslag til faglege råd frå meg. Sidan eg ikkje var budd på nett det, var eg nok både litt hjelpelaus og klønete i måten eg antyda alternativ, samtidig som eg jo ikkje hadde nok formelle eller fagleg tilstrekkelege føresetnader til å ta tak i antydningane få ymta det handla om.

Dette handlar både om at eg mangla spesifikk nok kunnskap, at eg var der som studentforskar og ikkje som klinisk, og fyrst og fremst at eg ikkje hadde reflektert nok over dei fallgruver og rolleavgrensingar som då trengst. Eg har tenkt mykje rundt dette i etterkant, og det var ei svært lærerik og mognande røynsle. Ein annan snubletråd for urøynde studentforskarar er at ein kan bli beden om å ta stilling eller hjelpe litt til i eventuelt pågåande forhandlingar mellom ulike partar rundt barnet. Eg var ikkje budd på slike innspel, og streva litt både med å oppfatte signal og å sortere i dei. Også eit nyttig etisk refleksjonsområde, iallfall for studentar.

Somme gonger er det nyttig å snuble. Eg er takksam, også for at eg samtidig vurderer at eg så vidt heldt meg innanfor mi student- og forskarrolle og også formidla min manglande kompetanse innan frambodne innspel. I ettertid søkte eg vegleiing på situasjonane hos oppgåvevegleiar. Det handlar om at dette er studentens ansvar å vere budd på og kunne avgrense på ein god måte.

Fleire fosterforeldre sa elles at det var ei fin oppleving at også dei blei spurt om deltakarløyve for barnet sitt. Slik formidla dei ein bit av ei oppleving av å ha mykje barneansvar, men samtidig ikkje ha heilt så mykje formelle avgjerdsrettar som dei meinte burde fylgje med så mykje ansvar.

Eit anna var at fleire gav uttrykk for at dei på somme vis sakna meir støtte frå barnevernet. Som ein forelder sa det, dei er jo ressurssterke personar og ikkje i ein klientsituasjon. Dei kunne ha tenkt seg eit meir rutinisert tilbod om ein slags kollegastøtte.

Kanskje det var slik at når barnevernet hadde greidd å finne eit sett gode fosterforeldre til ein unge dei vurderte trong det, så pusta barnevernet letta ut over å ha tryggja eitt barn til, før neste krevjande sak vart meld? Slik tenkte eg meg det etterpå.

Både rollestrevet mitt, signala om at somme fosterforeldre innimellom kunne ynskje seg meir ”kollegastøtte” enn dei fekk og også meir formelle rettar i utøvinga av sitt fosterforeldreskap, gav meg lærerik forståingskunnskap. Det gav nokre glimt inn i fosterforeldres systemfrustrasjon andsynes lovverket og i dagleglivet deira. Det understøtta og gav nyttig praksisøving i korleis førebu seg på det kanskje uventa, og lærde meg eksplisitt meir om måtar å i vareta sider ved forskaretikk i praksis.

Kapittel 5. Konklusjon.

Slik eg har gjennomgått barnevernets mangearta, samanfletta og kompliserte sider, finn eg at samfunnsmuslingen er både open og samtidig dels utilgjengeleg ad kva prosessar som går føre seg i vevet. Dei små sandkorna, borna, er nok tydelege når ein fyrst lokaliserer dei. Men stundom taper den gode omsorgsvilje nok kontakten med korleis borna strir med å skape meining i kva som har hendt dei. Dei er omslutta av mykje god vilje til å gjere det beste ut av smertefulle og kompliserte foreldretilhøve. Som sandkorn i muslingar blir dei kledde inn med lag på lag av omsorg.

Like fullt kan det hende ungane strevar med å finne ei god meining med det dei har opplevd. Dei viser på ulike måtar både sorg og opprør mot korleis livet deira blir styrt, samtidig som dei ikkje nødvendigvis ser at dei har hjelparar i tilgjengeleg gjennom barnevernet, eller har forstått kva barnevernet kan og vil gjere andsynes kva ungane sjølv ynskjer seg – eller strir med. Og det er eit vaksenansvar å leite etter og støtte ungane over bruer dei treng å gå på.

Ungane eg møtte viste alle sider ved god kulturell kompetanse, og skreiv seg inn i høve ulike vaksne diskursar ute i samfunnet. Såleis var det både interessant, kunnskapsgevande og emosjonelt medrivande å utforske barnevernets konsekvensar med dei, personleg og korleis dei såg på barnevernets moglege hjelpestatus og –evne for born.

Kvalitativ tilnærming gav meg mange ulike, nye innsikter, samt fagleg innsikt i korleis betre sjå og samhandle med potensielt sårbare born. Og igjen var det spennande og lærerikt å utforske og erfare deira kulturelle og sosiale kompetanse.

Reisa gjennom barnevernets landskap med og utan born sende meg gjennom eit stort omfang nye kunnskapsområde, inklusive korleis ein treng kunnskap, førebuingar og røynsle for å forvalte fagetikken sin godt nok.

Eg tvilar ikkje lenger på nytta av kvalitative metodar og forskingsreiskapar. Kan hende kan ikkje kunnskapen direkte generaliserast til å skulle gjelde barnevernsborn på gruppenivå. Like fullt synleggjorde dei fem ungane tydeleg og medrivande mykje av kva god nok barneomsorg kan krevje av kunnskap og innsikter, og hardt arbeid, same kvar ein står og kva deltakarperspektiv ein legg an.

Eg vonar reisa mi har gjeve noko undervegs til dei som las oppgåva også.

LITTERATUR

- Andenæs, A. (1997). Fra usynlig offer til synlig aktør: å ta dagliglivet på alvor i barnevernsarbeid. I: E. Backe-Hansen og T. Havik (red.). *Barnevern på barns premisser*. Gjøvik: Ad Notam Gyldendal AS.
- Andenæs, A. (1996). *Foreldre og barn i forandring*. Gamlebyen Grafisk A/S: Pedagogisk Forum Oslo.
- Angel, B. Ø. (2007). *Det vanskelige foreldreskapet*. Skriftserien nr. 131. Kristiansand: Høgskolen i Agder.
- Badinter, E. (1981). *Det naturligste av verden? Om morskjærighetens historie*. Stavanger: Universitetsforlaget.
- Backe-Hansen, E. og Havik, T. (1997). *Barnevern på barns premisser*. Gjøvik: Ad Notam Gyldendal AS.
- Berk, L. E. (1991). *Child Development*. 2. utgåve. Boston, USA: Allyn and Bacon.
- Bunkholdt, V. (2004). *Fosterhjemsarbeid. Fra rekruttering til tilbakeføring*. 2. utgåve, 1. opplag. Otta: Gyldendal Norsk Forlag AS.
- Bunkholdt, V. og Sandbæk, M. (2008). *Praktisk barnevernarbeid*. 5. utgåve. Dimograf, Polen: Gyldendal Norsk Forlag AS.
- Emery, R. E. og Laumann-Billings (2002). Child Abuse. I: M. Rutter og E. Taylor (red.). *Child and Adolescent Psychiatry*. 4. utgåve. 5. opplag (paperback). Replika Press Pvt. Ltd., India: Blackwell Science Ltd.
- Grinde, T.V. (1997). Kunnskapsstatus for barnevernet: noen utviklingstendenser 1993-1996. I: E. Backe-Hansen og T. Havik (red.). *Barnevern på barns premisser*. Gjøvik: Ad Notam Gyldendal AS.
- Hambro, C. (1966). *Barn og foreldre*. 2. utgåve. Oslo: Dreyers Forlag.

- Haavind, H. (1987). *Liten og stor. Mødres omsorg og barns utviklingsmuligheter*. 2. opplag. Drammen: Universitetsforlaget AS.
- Hjertnes, H. (2006). Mulighetenes fag. I: R. Follesø (red.). *Sammen om barnevern*. Otta: Universitetsforlaget.
- Hærem, E. og Aadnesen; B.N. (2008). *Barnevernets undersøkelse*. Otta: Universitetsforlaget.
- Kvale, S. (1997). *Det kvalitative forskningsintervju*. Oslo: Ad Notam Gyldendal AS.
- Lindboe, K. (2011). *Barnevernloven*. 7. utgave. Trondheim: Gyldendal Norsk Forlag AS.
- NOU. Norges offentlige utredninger (2012: 5). *Bedre beskyttelse av barns utvikling*. Oslo: Departementenes servicesenter, Informasjonsforvaltning.
- Oppedal, M., Sandberg, K. og Syse, A. (1994). *Barnevernet og barnevernloven*. PDC/Norbok, Noreg: Ad Notam Gyldendal.
- Ostling, K.A. (2013). Et barnevern til barnets beste. *Dagbladet*. 17. juli: s. 51.
- Smith, L. og Ulvund, S. E. (2004/2006). *Spedbarnsalderen*. 2. utgave, 3. opplag. Polen: Gyldendal Norsk Forlag AS.
- Sundt, H. (2011). *Fosterhjemshåndboka*. 6. utgave. Otta: Kommuneforlaget AS.
- Tidsskrift for Norsk psykologforening* (2013): Nr.2, s.143-4; nr. 4, s.338-347; nr. 5, s.501-2, og nr. 6, s.605).
- Tolkien, J. R. R. (1954/1975). *The Fellowship of the Ring*. 2. utgåve, 3. opplag. London, Reading and Fakenham: George Allen & Unwin Ltd.
- Ulvik, O. S. (2007). *Seinmoderne fosterfamilier. En kulturpsykologisk studie av barn og voksnes fortellinger*. Ait e-dit (Otta?): Unipub AS
- Ulvik, O. S. (1997). Når kunnskapsinteressen er fosterbarnas egen forståelse og opplevelse. I: E. Backe-Hansen og T. Havik (red.). *Barnevern på barns premisser*. Gjøvik: Ad Notam Gyldendal AS.
- Waade, C. C., Hagen, R. og Fosse, R. (2013). Barndomstraumer og psykoser: en integrert forståelsesmodell. *Tidsskrift for norsk psykologforening*, 6: 563 - 568

Datainnsamling ved ekstern institusjon

Institusjon, studentens navn og tidsperiode

Følgende avtale er inngått mellom Psykologisk institutt, Universitetet i Oslo og

BARNEVERNKONTORET i ~~XXXXXXXX~~

(Institusjonens navn)

Studenten kan i den avtalte tidsperioden samle materiale til sin hovedoppgave ved ovennevnte institusjon.

Studentens navn: HEID FAGERHEIM.

Tidsperiode: 18.02.1998 - 31.10.1999.

(eller til hovedoppgåva er godkjend)

Datainnsamlingen

Skisser datainnsamlingsarbeidet. Beskriv bl. a. tiltak, klienter, alder, og antall.

Hovedoppgåve; arbeidstitel : "BORNS FORSTÅING AV MØTE MED BARNEVERNET."

- 1) Oppgåvas tema er å utforske barns forståing av / meiningsskaping vedrørende sin kontakt med barnevernet. Utvikling av metodar som kan tilrettelegge for og ivareta forteljningane deira. Integrert fagetikk i praksis.
- 2) Informantgruppe : Inntil sju 8 til 10 år (evt. utvida til 11 år) gamle born som har budd i noverande fosterheim i over eitt år under Barnevernets omsorg; samt fosterforeldra deira.
- 3) Metode : Rammesamtale med fosterforeldra og intervju med borna. Kvalitativ innfallsvinkel til datainnsamling og bearbeiding (grunnleggande forankringar : Narrative og kulturpsykologiske teoriar).
- 4) Ethiske omsyn : Rammesamtalen brukast til å få ei forforståing av barnet. Fosterforeldra får innverknad på eventuelle særskilde omsyn eller tilpassingar som kan vere naudsynte. Informert og innforstått samtykke frå begge partar. Barnet skal ha fått sett på studenten før det endeleg gjev samtykke. Student avtalar telefonisk ettersamtale, retta mot å ivareta eventuelle reaksjonar på intervjuet. - Evalueringar av 3) og 4) er fortløpande og inngår elles som del av hovudoppgåve - prosjektet.
- 5) Innhenting og lagring av data : Hvervande godkjenning frå Barnevernkontolet i ~~XXXXXXXX~~, etter avklaring med Barne - og familie - departementet, Datatilsynet v/ Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste (NSD), og Rådet for teieplikt og forskning, føreligg for datainnsamling startar. Student er underlagt teieplikt som psykologstudent, og gjeldande teieplikt for ~~XXXXXXXX~~ kommune. Lydband, PC - diskettar og utskrifter lagrast nedlåst, unamna og anonymiserte under arbeidet med hovudoppgåva. Student lagrar adresser (nedlåst) kun til intervju er gjennomført, og separat frå rådata elles. Dei skriftlege samtykka frå fosterforeldra lagrast hos Psykologisk Institutt. Vegleiar Ulvik har tilgjenge til materialet under arbeidet med oppgåva. Barnevernkontolet i ~~XXXXXXXX~~ har ikkje innsynsrett i rådata. Alle rådata makulerast etter at hovudoppgåva er godkjend av Psykologisk Institutt.
- 6) Tilhøvet Barnevernkontolet i ~~XXXXXXXX~~ og student : Barnevernkontolet får vedlagt Intervju - guide, kopi av invitasjonsbrevet til fosterforeldra og av alle søknader, brev og løyve elles. Barnevernkontolet rekrutterer informantane ved å adressere invitasjonsbrev til fosterforeldra m/ aktuelle born, og sender desse ut. Desse breva inneheld òg svarskjema m/ studentens telefonnummer/adresse dersom fosterforeldra vil delta, samt svarkonvolutt adressert til student. Barnevernkontolet i ~~XXXXXXXX~~ vil ikkje få tilbakemelding frå student om kven som deltek. Student held Barnevernkontolets prosjektansvarlege, psykolog ~~XXXXXXXX~~, orientert om progresjon og fagleg situasjon under intervjuarbeidet. Student stiller seg til rådvelde for evt informasjonsmøte før start, og ettermøte i Barnevernet når oppgåva er godkjend av Psykologisk Institutt. Barnevernkontolet får om ønska kopi av den ferdige oppgåva.


VEDLEGG til denne avtalen : Kopi av alle søknader, avtalar og brev studenten har sendt / sender, og mottok, med unntak av ovanfor nemnde svar frå fosterforeldra.

Institusjonens ansvar

Institusjonen har faglig og derved juridisk ansvar for arbeid som gjøres med sine klienter. I den grad studenter samler inn materiale på og har kontakt med institusjonens klienter, har institusjonen også faglig ansvar for dette klientarbeidet. Studenter må således følge institusjonens anbefalinger, og institusjonen kan avbryte arbeidet dersom den anser opplegget uheldig for klienten(e). Dette ansvaret må pålegges den psykolog som Psykologisk institutt inngår avtale med.


Erklæringer

Jeg erklærer herved at jeg overtar det faglige ansvar for studentens klientvirksomhet ved ovennevnte institusjon i den gjeldende tidsperiode




(Undertegnes av den person som skal være ansvarlig for studentens virksomhet)


Underskrift av fagkerer som er veileder for studenten ved Psykologisk institutt under arbeidet med avhandlingen


(Fagkerers navn)

Jeg er kjent med de bestemmelser som gjelder for min virksomhet ved ovennevnte institusjon og erklærer at jeg vil overholde disse.


(Studentens underskrift)

Denne erklæringen er utferdiget i 5 eksemplarer: en til institusjonen, en til Psykologisk institutt, en til faglig ansvarlig, en til studenten(e), og en til veileder.

 den 4/2 1999


(For institusjonen)


(For Psykologisk institutt)

Heid Fagerheim. (Eksemplar m/ VANLEG TEKST – STORLEIK).

Avtaletekst på skjema "Datainnsamling ved ekstern institusjon", .01.1999 :

"Hovudoppgåve; arbeidstitel : "BORNS FORSTÅING AV MØTE MED BARNEVERNET."

- 1) Oppgåvas tema er å utforske barns forståing av / **meningsskaping** vedrørende sin kontakt med barnevernet. **Utvikling av metodar** som kan tilrettelegge for og ivareta forteljingane deira. **Integrert fagetikk i praksis.**
- 2) **Informantgruppe :** Inntil sju 8 til 10 år (evt. utvida til 11 år) gamle born som har budd i noverande fosterheim i over eitt år under Barnevernets omsorg; samt fosterforeldra deira.
- 3) **Metode :** Rammesamtale med fosterforeldra og intervju med borna. Kvalitativ innfallsvinkel til datainnsamling og bearbeiding (grunnleggande forankringar : Narrative og kulturpsykologiske teoriar).
- 4) **Etiske omsyn :** Rammesamtalen brukast til å få ei forforståing av barnet. Fosterforeldra får innverknad på eventuelle særskilde omsyn eller tilpassingar som kan vere naudsynte. Informert og innforstått samtykke frå begge partar. Barnet skal ha fått sett på studenten før det endeleg gjev samtykke. Student avtalar telefonisk ettersamtale, retfå mot å ivareta eventuelle reaksjonar på intervju. - Evalueringar av 3) og 4) er fortløpande og inngår elles som del av hovudoppgåve - prosjektet.
- 5) **Innhenting og lagring av data :** Herverande godkjenning frå Barnevernkoretet i ~~Oslo~~, etter avklaring med Barne - og familie - departementet, Datatilsynet v/ Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste (NSD), og Rådet for teieplikt og forskning, føreligg før datainnsamling startar. Student er underlagt teieplikt som psykologstudent, og gjeldande teieplikt for ~~Oslo~~ kommune. Lydband, PC - diskettar og utskrifter lagrast nedlåst, unamna og anonymiserte under arbeidet med hovudoppgåva. Student lagrar adresser (nedlåst) kun til intervju er gjennomført, og separat frå rådata elles. Dei skriftlege samtykka frå fosterforeldra lagrast hos Psykologisk Institutt. Vegleiar Ulvik har tilgjenge til materialet under arbeidet med oppgåva. Barnevernkoretet i ~~Oslo~~ har ikkje innsynsrett i rådata. Alle rådata makulerast etter at hovudoppgåva er godkjend av Psykologisk Institutt.
- 6) **Tilhøvet Barnevernkoretet i ~~Oslo~~ og student :** Barnevernkoretet får vedlagt Intervju - guide, kopi av invitasjonsbrevet til fosterforeldra og av alle søknader, brev og løyve elles. Barnevernkoretet rekrutterer informantane ved å adressere invitasjonsbrevna til fosterforeldra m/ aktuelle born, og sender desse ut. Desse brevna inneheld òg svarskjema m/ studentens telefonnummer/adresse dersom fosterforeldra vil delta, samt svarkonvolutt adressert til student. Barnevernkoretet i ~~Oslo~~ vil ikkje få tilbakemelding frå student om kven som deltek. Student held Barnevernkoretets prosjektansvarlege, psykolog ~~Ulrikke~~, orientert om progresjon og fagleg situasjon under intervjuarbeidet. Student stiller seg til rådvelde for evt informasjonsmøte før start, og ettermøte i Barnevernet når oppgåva er godkjend av Psykologisk Institutt. Barnevernkoretet får om ønska kopi av den ferdige oppgåva.

VEDLEGG til denne avtalen : Kopi av alle søknader, avtalar og brev studenten har sendt / sender, og mottok, med unntak av ovanfor nemnde svar frå fosterforeldra."

H. Fagerheim, 1999.

OVERSIKT OVER VEDLEGG (17) TIL AVTALEN
"DATAINNSAMLING VED EKSTERN INSTITUSJON":

- 1) Søknad om godkjenning av vegleiar for hovudoppgåve.
 - 2) Godkjenning som ekstern hovedveileder.
 - 3) Veiledningsavtale for hovedoppgave.
 - 4) Arbeidsutkast til intervju – guide, med merknader.
 - 5) Invitasjon til fosterforeldra. Brev.
 - 6) Meldeskjema til Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste (NSD).
 - 7) Taushetserklæring, skjema frå NSD.
 - 8) Vurdering av konsesjonspliktig studentprosjekt. Svarbrev frå NSD.
 - 9) Søknad til Barne – og familiedepartementet.
 - 10) O. S. Ulvik : Brev / vedlegg til dept.
 - 11) Dispensasjon frå teiepliktreglane – Brev til Rådet for teie-
plikt og forskning.
 - 12) Søknadssvar frå Barne – og familiedepartementet.
 - 13) Svarslipp for fosterforeldra.
 - 14) Brev til borna.
 - 15) Innforstått samtykke – erklæring.
 - 16) Informasjonsbrev til evt. biologiske foreldre med foreldreansvar.
 - 17) Følgelbrev til barnevernsmedarbeidarane.
-

Heid Fagerheim,
Dyringvn. 63,
1385 SOLBERG.
Tlf. (praks.) 67503963; (priv.) 66989027.

Sandvika, 31.10.1997.

Psykologisk Institutt,
8. et., Eilert Sundts hus,
1094 Blindern,
0317 OSLO.

SAK : SØKNAD OM GODKJENNING AV VEGLEIAR FOR HOVUDOPPGÅVE.

Etter samråd med forskingskonsulent Bente Jansen 19.09. og 23.10. d.å. søker eg med dette om å få godkjent cand. psychol., forskar **Oddbjørg Skjær Ulvik** som vegleiar for hovudoppgåve - arbeidet mitt.

Dersom slik godkjenning blir gjeve, vil eg så søke Dykk om godkjenning av eit hovudoppgåve- prosjekt innan feltet barnevern / fosterborn (jfr. "Retningslinjer for arbeide med hovedoppgave ved Psykologisk Institutt", 1997).

Dette hovudoppgåve - prosjektet, kort presentert, ynskjer eg skal ha som førebels arbeidstittel **"Kva er borns / unges opplevingar av møta med barnevernet på vegen mot omsorgsovertaking?"** Eg ville gjerne intervjuje nokre born / unge med minimum eitt års plassering i permanent fosterheim bak seg. Fagetiske avvegingar vil bli eit viktig aspekt ved heile hovudoppgåve - arbeidet. Elles planlegg eg å nytte kvalitative metodar under intervjua og arbeidet med resultata.

Skjær Ulvik er p.t. knytt til Psykologisk Institutt, og skriv doktorgradsavhandling om relasjonar / interaksjonar fosterborn - fosterforeldre. Ho har slik særskild fagbakgrunn innan feltet intervjuing av / forskning omkring born under barnevernets omsorg, og har også m.a. bidrege t.d. med artiklar og føredrag i det løpande arbeidet med barneforsking - etikk. Likeeins er Skjær Ulvik ein av dei forskarane som gjev vegleing i kvalitativ metodikk.

Såleis finn ein at Skjær Ulvik peikar seg ut som vegleiar for det hovudoppgåve - arbeidet eg har skissert over. Ho har sagt seg viljug til å vere min vegleiar 17.10.d.å. - Tlf. nr. hennar er 22858703; adr. p.b. 1039 Blindern, 0317 OSLO.

Har De spørsmål, svarar eg gjerne.

Vennleg helsing

(S)

KOPI : Forskingsskonsulent Bente Jansen.
Cand. psychol. Oddbjørg Skjær Ulvik.



UNIVERSITETET
I OSLO

2

Oddbjørg Skjær Ulvik
Senter for klinisk psykologisk forskning
Postboks 1039, Blindern

KOPI

Psykologisk institutt
Postboks 1094 Blindern
N-0317 Oslo

Besøksadresse
Eilert Sundts hus. 8. etg.
Moltke Moes vei 31

Deres referanse:
Vår referanse: 97/2877
Arkivnummer: 334.314

Telefon: + 47 22 85 52 33
Telefax: + 47 22 85 44 19

Saksbehandler: Bente Jansen
Direkte innvalg: + 47 22 85 52 27
E-post: bente.jansen@psykologi.uio.no

DET SAMFUNNSVITENSKAPELIGE
FAKULTET

Oslo, 12.11.97

GODKJENNING SOM EKSTERN HOVEDVEILER

Det vises til søknad fra Heid Fagerheim av 31.10.97.

Psykologisk institutt er meget takknemlig for den bistand du er villig til å gi og godkjenner deg herved som *hovedveileder* i det aktuelle hovedoppgaveprosjektet, jfr. vedlagte godkjenningsskjema. Til orientering legger vi ved retningslinjer for hovedoppgaveskriving.

Med vennlig hilsen

Bente Jansen
forskningskonsulent

Kopi: Heid Fagerheim

Vedlegg: Godkjenningsskjema
Retningslinjer for hovedoppgaven

Veiledningsavtale for hovedoppgave ved Psykologisk institutt

(nummer godkj. 10.12.97~)

Navn

Studentens navn: HEID FAGERHEIM

Studentens fødselsdato: 24.03.1955

Evt. fellesoppgave med: —

Veileders navn: ODDBJØRG SKJÆR ULVIK

Evt. biveileders navn: —

Tidsperspektiv

Embetsstudiet ble påbegynt: V+H 19.94.
Veiledningen igangsettes (semester/år): V+H 19.97.
Hovedoppgaven er planlagt innlevert (semester/år): V+H 19.98.

Hovedoppgaveprosjektet

Oppgavens tema (stikkord) :

Utforske barns forståing av sin kontakt med barnevernet. Utvikling av metodar som kan tilrettelegge for og ivareta forteljingane deira, herunder integrering av fagetikk i praksis.

Oppgavens arbeidstittel :

BORNS FORSTÅING AV MØTE MED BARNEVERNET.

Foreløpig prosjektbeskrivelse (problemstilling, metoder, prosjekttilknytning etc.) :

I) Mi kunnskapsinteresse er å utforske variasjon i korleis fosterborn kan forstå, og skape mening i, sine møte med representantar for barnevernet. Analytiske spørsmål eg ynskjer å reise vedrører kva subjektive tydingar historiedelene har for borna. Korleis kan dette komme til uttrykk i ein tilrettelagt samtale? Eg vil fokusere ulike fagetisk brukelege arbeidsmetodar ein kan nytte til slike formål.

ii) Eg vil bruke kvalitative metodar i innhenting og bearbeiding av informasjonen. Ca 10 born i åtte - til ti - års - alderen, og fosterforeldra deira, vil utgjere informantgruppa. Borna må ha vore i sin noverande fosterheim i over eitt år. Fyrst ynskjer eg å ha ein rammesamtale med fosterforeldra. Eg søker då ei førebuande forståing av det individuelle barnet, og å avklare eventuelle særlege omsyn. Deretter ynskjer eg å få intervjuet barnet, etter informert samtykke. Intervjuet vil vere narrativt vinkla, med opning mot felles reflektering omkring historiedelene. - I tillegg vil eg avtale ein telefonisk ettersamtale, retta mot å ivareta eventuelle reaksjonar på intervjuet.

III) Eg har etablert ein forebels, positiv feltkontakt om dette prosjektet med Barnevernet i ~~regionen~~ ved barnevernssjef ~~Regionen~~ og avdelingsleiarane der. Barnevernssjefen har då formelt teke atterhald om endeleg løyve / tilråding til dess konkret prosjektplan med godkjenning frå Psykologisk Institutt ligg føre. Frå ~~Regionen~~ Barneverns side vil psykolog ~~Regionen~~ verte institusjonsfagleg ansvarleg for prosjektet. Han vil også hjelpe til med å framskaffe informantliste. Vidare vil eg be avdelingsleiarane om å rekruttere deltakarane : Dei har alt skaffa meg forebels taldata om moglege informantar, og dei sit med aktuelle namn og adresser.

IV) Eg vil søke Datatilsynet og aktuelle instansar som Rådet for taushetsplikt / Barne - og familiedepartementet om naudsynte godkjenningar. Desse vedrører løyve til å gjennomføre dei skisserte intervjuet, samt om midlertidig, delvis fråvik frå den teieplikta fosterforeldra har underteikna om borna. Eg skal elles ikkje opprette noko personregister.

Studenten skal:

- Ved gjennomføringen av hovedoppgaveprosjektet holde seg til planen, med mindre det foreligger gode personlige/faglige grunner til justering eller revidering.
- Være godt forberedt til veiledningsmøtene og holde veileder jevnlig oppdatert på fremdriften av oppgavearbeidet.
- Si ifra i god tid dersom en ikke kan møte opp til en veiledningstime.
- Ta opp alvorlige samarbeidsproblemer med studiekonsulenten/instituttet.
- For øvrig holde seg til instituttets retningslinjer for arbeide med hovedoppgaven.

Veilederen skal:

- Orienterer studenten nærmere om hvordan veiledningen konkret planlegges.
- Gi råd om formulering og avgrensning av tema og problemstilling.
- Gi vurderinger med hensyn til hva som er etisk forsvarlig å gjennomføre.
- Drøfte og vurdere hypoteser og metoder.
- Gi hjelp til orientering i faglitteratur og datagrunnlag.
- Drøfte framstillingen (disposisjon, språklig form, dokumentasjon, etc.).
- Holde seg orientert om progresjonen i studentens arbeid og vurdere den i forhold til arbeidsplanen.
- Drøfte resultater samt tolkning og presentasjon av dem.
- Normalt tilby 30 timer veiledning (inkl. for- og etterarbeid som gjennomlesing av manuskripter etc.)
- Varsle på forhånd dersom avtalte timer må avlyses, eller man regner med lengre fravær.

Veileder og student skal:

- Avtale en møteplan - eventuelt suksessivt - og bestemme sammen hva begge skal forberede til hvert møte.

Ovenstående punkter er å betrakte som retningsgivende og vil kunne avvikes noe i den grad veileder og student sammen finner dette naturlig.

Signatur

Denne avtalen innebærer en kontraktsfesting av et veiledningsforhold. Avtaleskjemaet fylles ut av student og veileder så snart et veiledningsforhold er etablert, og leveres instituttet til godkjenning umiddelbart etter dette. Ordningen med dette avtaleskjema er gjort gjeldende fra 1.1.93. NB! Dersom hovedoppgaveprosjektet innebærer datainnsamling ved ekstern institusjon, skal det i tillegg fylles ut eget avtaleskjema om dette.

Dato: 26.11.97

Signatur student:

K. Fager

Dato: 5/12-97

Signatur veileder:

Babjörn Sjøen Uvick

Dato:

Signatur evt. biveileder:.....

Avtalen er godkjent.

Dato: 10/12-97

For instituttet:

Bente Jensen

H. Fagerheim,
tlf. 67 503963 (kontoret, til 20.02.98)
ell. 66 989027 (privat).

Hovudoppgåve - prosjekt i psykologi, arbeidstittel
" **Borns forståing av møte med barnevernet**".

1. ARBEIDS - UTKAST TIL INTERVJU - GUIDE, med merknader. (09.02.1998).

DEL I : Merknader.

NOKRE UTGANGSPUNKT.

1) OM TILRETTELEGGING AV EIN KVALITATIV INTERVJU - / SAMTALE -
METODE : Eitt av utgangspunkta for kvalitativ forskning generelt, og likeeins då for mi undersøking spesielt, er **kva informanten tilbyr, og oppfølging av det** (Gulbrandsen, 1996). Det vil seie at ein kan ha *nokre* spørsmål og opnings - invitasjonar skriftleg ferdigformulerte på førehand. Forskar har elles eit **tema** som ramme (Kvale, 1997). Likevel vil det deretter måtte opnast for individuelle, situasjonsavhengige vidare spørsmål og forteljings - støttande kommentarar. "Et kvalitativt intervju er en samtale som er tilrettelagt av forskeren for å få den intervjuete til å beskrive hvordan noen hendelser eller fenomener framtrer for ham eller henne" (Andenæs, 1991, s. 276).

Gjeve dette metodologiske valet som utgangspunkt, er det slik at spørsmåla (her særleg på nivå II og III i guiden) berre kan formast som generelle retningsvisarar, så og seie. Heri ligg *noko* av det viktige i, og grunngevinga for, mitt spesifikke punkt om forskningsetikk integert i praksis : Fordi metodikken fordrar ein del individ - og situasjonstilpassa spørsmål, om enn planlagde temamessig, så blir det særskilt viktig å ha med seg eit **medvite fokus på ivaretaking fortløpande** av korleis barnet har det under intervjuet.

2) FORMÅL / TEMA : Eit anna utgangspunktet for kvalitativ forskning er **kvar forskarens kunnskapsinteresse ligg**. Her vil forskaren kunne ha klarare formulert på førehand korleis ho vil invitere til informantdeltaking. I det føreliggjande prosjektet er kunnskapsinteressa å utforske saman med barnet A) kva livshistorie det har å fortelje mellom to punkt på tidsaksen, oppbrotet frå opprinneleg heim fram til noverande, og B) kva rolle barnet ser at Barnevernet spelte. C) Vidare er fokuset på kva delelementa i historia *betyr* for dette individuelle barnet. Eg søker etter meir variert og nyansert kunnskap om **bornas opplevingskvalitetar**.

3) METODOLOGISK TILLEGGFORMÅL : Likeeins vil eg **fylgje intervju - prosessen nøye** for å vurdere fortløpande kva som synast å skje ved bruk av slik metode. Men det vil ikkje synast att i intervju - guiden på førehand - derimot vil det kunne verke inn på intervjuarbeidet både i enkeltsituasjonen og undervegs i intervjuerien. Dette er også ein vanleg og vel utprøvd del av ein kvalitativ intervju - metodikk.

Analysane etterpå vil inngå i metode - kapittel.

4) BARNEVERNETS PERSPEKTIV : Eit anna punkt det kan vere viktig å avklare også med Barnevernet før oppstart, er intervjuars handtering av *Barnevernets* representantar i bornas historier. **Også måten å spørje og fylgje opp her må stillast fagetiske krav til, og dette erkjenner eg.**

Mitt føremål er å få tak i *om* barnet har ei historie (eller fleire) det vil fortelje meg om forskingstema. Men det er likevel ikkje gjeve kva historia, eller historiene, i praksis så vil handle om. Til dømes kan forteljinga bli om tap eller vinst ved endra vennekrets. Det er ikkje sikkert at barnet har, eller vil dele, delhistorier om seg og barnevernets representantar. Vidare tilrettelegging av samtale - / intervjusituasjonen vil då måtte ta utgangspunkt i kvar barnet fortel at det er. Det er klart at eg som intervjuar vil prøve å få til ein slags "avtale" med eller instruks for barnet, ut frå kunnskapsinteressa mi. Denne "avtalen" botnar i at intervjuar ynskjer å få vite noko om korleis barnet hadde det i ein overgangsperiode, og om Barnevernet hadde nokon *opplevd* plass her. Men deretter får barnet høve til å legge fram *si* historie.

Vidare kan det vere aktuelt å fastslå og understreke at dette er ei utforsking av *barnets* perspektiv. Det er sjølvsagt gode grunnar for at det individuelle barnet fortel si historie akkurat slik som det gjer. Desse grunnane kan ha å gjere med heile spekteret frå barnets genetiske og miljøpåverka situasjon, til kva Barnevernets representantar "faktisk" gjorde. Korleis born tolkar og utverkar si historie har også samanheng med samspelet med viktige andre, som foreldre.

I tillegg er det slik at eit menneskets historie, inkludert borns, vil kunne *endre* seg over tid, i takt med modning og nye påverknader i barnets liv. Slik må ein ha klart for seg at ein får bornas historier om korleis det opplevast *i dag*. I den grad historiene vedrører, eller eventuelt sentrerer seg omkring, Barnevern - representantane sine intensjonar og handlingar, vil materiale - analysen ikkje kunne ta stilling til om barnet representerer ei "objektiv sann" historie. Det er heller ikkje nokon innfallsvinkel her. Siktemålet er å leite etter barnets perspektiv.

Intervjuet skjer vidare berre *ein* gong, det vil i seg sjølv kunne avgrense kor omfattande og innhaldsrike historiene blir.

Av desse grunnane kan dette prosjektet **ikkje gjelde som ei brukar - undersøking** sett frå bornas side. Slike undersøkingar finst, men dei har andre analytiske innfallsvinklar enn dei eg har valt (Ulvik, 1997). Noko anna er at nokre av borna kanskje fortel kva dei syntest om måten dei blei møtt på. Forskars målsetjing er då å ivareta det borna formidlar, og analysere samanhengar i materialet.

Utforskinga har som eit mål å framskaffe meir kunnskap om korleis born i fosterheimar *kan* oppleve, hugse, tolke og forstå sine møte med Barnevernet. Analysen vil kunne formidle nokre borns **potensiale til å handtere viktige opplevingar**. Slik kunnskap vil kunne brukast i arbeid med å vidareutvikle strategiar på korleis ein **individualiserande** kan nærme seg born på vegen mellom to - eller fleire - heimar. Kanskje vil arbeidet kunne by på det Gulbrandsen (1996) kallar "kunnskapsforslag" - fleire alternativ å velje mellom, når ein skal nærme seg born i barnevernsfeltet.

DEL II : Intervju - guide.

NIVÅ I. Rekonstruksjonar : Barnets forteljingar om vegen mellom biologisk familie og foster - familie.

NIVÅ II. Utdjupingar : Barnets forståing og tolking av kva det opplevde.

NIVÅ III. Vidare samanhengar : Barnets refleksjonar rundt grunnlaget for dets livshistorie.

NIVÅ I : Rekonstruksjonar.

I. Innleiande samtale med barnet : Eg vil referere til at eg har snakka med fosterforeldra. Barnet skal for det fyrste få vite om tema og hovudoppgåve - bakgrunnen, og korfor barnet er ein viktig informant. For det andre må eg sikre at ho / han forstår teieplikta mi og kva den betyr. For det tredje avklarar vi så om barnet *vil* la seg intervjuje. Barnet skal innan ho / han gjev sitt innforståtte løyve (borna skal ikkje underteikne noko) ha fått klart for seg at det er lov å slutte når ho vil, og at det er lov å svare som ho ynskjer - eller seie at han ikkje har så lyst å snakke om eit emne. Elles er dette eitt av dei punkta forskar bør vere særleg vår på : Mange born *signaliserer* heller at dei er nær ved ei grense, ved til dømes å bli veikare i stemma, sjå ned etc. (Ulvik, 1996).

Så vil eg skissere kva fosterforeldra har fortalt om, dersom barnet ikkje høyrde på. Innleiinga må så munne ut i ein form for avtale eller barnets "indre instruks" om kva vi i utgongspunktet skal samtale om.

II. Spørsmål og kommentarar:

1. Kva fosterforeldra har fortalt, og barnets bidrag til det, vil måtte bestemme ordlyden i vidare spørsmål. Men hovudspørsmålet dernest vil om mogleg bli lagt opptil ein mal om barnet "kan fortelje om kva som hende då du flytta frå (biologisk/e foreld/er/re)?" - evt "kan du hugse det?"

2. Kanhende barnet har budd fleire stader enn i noverande fosterheim på vegen mellom biologisk til noverande familie. Dette vil bli fylgt opp med vidare spørsmål og kommentarar som speglar det barnet sjølv sa.

3. Dersom barnet har fortalt om overgangen biologisk heim / fosterheim, men ikkje om deltaking frå Barnevernets side i overførings - prosessane, vil eg spørje om "kven var det som fortalde deg at du skulle flytte til ... (namn eller stad som barnet har fortalt)?" og

/ eller om “kven var med deg då du reiste ?” - “Kan du fortelje meg om kva du og (Barnevernets representantar) gjorde då ?” - “Kven var det som bestemte at ..?”

4. Herunder vil eg såleis også spørje, om barnet ikkje sjølv introduserer det, om ho “vil fortelje om kva du og (representantane frå Barnevernet) gjorde (/ kva som skjedde vidare) dei gongene de har møtast ?” Derimot vil eg ikkje gå vidare dersom noko tyder på at barnet manglar ei historieoppleving her, eller at han ikkje ynskjer å snakke om temaet.

5. Dersom barnet vil dele ei heilt anna forteljing med meg, vil eg bruke speglende teknikkar for å høyre ut denne. Slike kommentarar / spørsmål kan ikkje formulerast på førehand, men eg er budd på situasjonen. Materialet vil bli nytta i analysane etterpå.

NIVÅ II : Utdjupingar.

1. Nokre born vil av seg sjølv utdjupe korleis dei har forstått og gjeve mening til det som har hendt. Andre vil trenge oppfylgjande spørsmål og kommentarar for å fortelje om dette. Føremålet er å få fram korleis akkurat dette barnet har sett saman sine kunnskapar om og opplevingar av seg sjølv og omgjevnadene. Likeeins vil samtalen her bli prøvd tilrettelagt for å få tak i kva hendingane og opplevingane *tyder* for barnet.

Spørsmål kan vere “Kva syntest du om det?” - “Tenkjer du det same no, når vi snakkar om det her i dag ?” - “Kan du fortelje meg litt meir om korfor dette blei sånn som du sa ?” - “Korfor blei dette bestemt ?” Å *gjenta* noko av det barnet har sagt, kan også vere nok til å vise born at ein gjerne ville høyre meir om dette.

